

LNK AVISA

POST@LNK.NO NR 6 • 2008 • ÅRGANG 7 WWW.LNK.NO

Digital interesse

Seks nynorskkommunar har vist interesse for å innføre papirlaust kommunestyre.

S. 5

Litteraturdagar i vekst

- Nynorske litteraturdagar har ei ramme som fungerer. No er det ei utfordring å tenkje nytt, seier prosjektansvarleg Haakon Skjerdal.

S. 21

Ba om 25 000

Elevane i Sandnes vil ha fleire nynorske bøker på skulebiblioteka.

S. 3

Nest minst



(Foto: Ingrid Hillestad)

Modalen er landets nest minste kommune med 360 innbyggjarar. Ordførar Knut Moe meiner dei fleste problem kan løysast. Det hjelper på at kommunen også er ein av landets rikaste.

• Sjå s.18-20

Maktkometen



(Foto: Judith Sorhus, Lutekammar)

Politisk rådgjevar Hadia Tajik (25) kan til hausten bli ein av få stortingspolitikarar med innvandringsbakgrunn. Kapital kåra henne nyleg til årets maktkomet.

• Sjå s.12



(Foto: Trøndelag Museum)

Rekordår for musea

2007 var rekordår for norske museum. Mange av dei har ei medviten satsing på barn og unge.

- Kven har bestemt at det ikkje kan vera barnelått i ei utstilling, seier Ann Siri Hegseth Garberg ved Trøndelag Folkemuseum.

På Jærmuseet i Rogaland er dei også opptekne av formidling til barn og unge. Museet står nå i bresjen for etableringa av eit nytt nasjonalt Garborgsenter der unge menneske er målgruppa.

• Sjå s. 8-11



TRADISJON OG MODERNE KOMFORT – HAND I HAND!

Hotell Hordaheimen framstår som ny, større og endå betre! Vi gjev alle medlemmer av LNK og deira tilsette spesialprisar på overnatting både helg og vekedagar.

	Vekedagar	Helg
Enkeltrom	kr 695,-	kr 595,-
Dobbeltrom	kr 895,-	kr 795,-

Sei du representerer ein LNK-kommune når du tingar rom. Herleg frukostbuffet er inkludert.

HOTELL  HORDAHEIMEN

Best Western

Tlf: 55 33 50 00 / e-post: booking@hordaheimen.no

Informasjonsavis for
Landssamanslutninga av nynorsk kommunar

Redaktør
Toyni Tobekk

Etterlyser ein papirlaus kvardag

Kvardagen som lokalpolitikk er i stadig endring. Men på eitt punkt har det lenge vore stillstand: I ei tid der den teknologiske utviklinga går i ein ekstrem fart, har lokalpolitikaren likevel fått tilsendt sakspapira i posten. Dei same papira som han igjen har teke med seg på det politiske møtet, og referatet som han får etterpå – ja det har han fått i posten.


Det vert det kanskje ei endring på no.

Og det er ikkje heilt sant at det ikkje har skjedd noko der ute i kommune – noreg. Postlister og saksdokument er blitt digitale og søkbare i dei fleste av kommunane våre. Og me vil jo tru at også mesteparten av kommunikasjonsen og politikarane skjer med e-post eller telefon. Men alt dette digitale er i dei fleste tilfelle berre eit tillegg til det som vert sendt via posten.

Likevel er det kommunar som går lenger. Lærdal kommune har slutta å sende sakspapir i posten. No har kvar politikar fått sin eigen PC, og i oktober hadde dei sitt første papirlause møte. På den måten sparer kommunen ved enkle verkemiddel både pengar og miljøet. Og politikarane får truleg ein enklare og meir oversiktleg kvardag.

I førre LNK-avis etterlyser også Microsoft ein nynorsk pilotkommune som kunne prøve ut ei eiga programvare for politikarar, ei programvare som gjer det politiske arbeidet så godt som papirlaust. Heile seks kommunar tok Microsoft på ordet og melde si interesse. Noko Jon Slorer i selskapet meiner er overraskande mange. Så får tida vise om dei mindre systemleverandørane som ACOS kjem på banen, slik at ein også kan oppleve dette systemet i nynorsk drakt.

Det er iallfall ingen tvil om at viljen og interessa for ein papirlaus politikarkvardag er tilstades. Og kanskje er det på høg tid også våre folkevalde får ta del i ei rivande utvikling?



Illustrasjon: Leif Harald Forthun

Fagforbundet på nynorsk

Fagforbundet er landets suverent største forbund. I juni feira me vårt medlem nummer 300.000, sida den gong har nærare fem tusen fleire komme til.

var vår høvelege plass i samfunnet. Det skal ikkje mykje fantasi til for å sjå likskapen mellom den kampen og kampen målfolket har ført for retten til å uttrykke seg på sitt eige mål. Me er begge del av ein av dei flottaste

Fagforbundet speglar folket. Det finst knapt ei einaste gruppering i landet som ikkje er representert i vår medlemsmasse. Me har medlemmar frå alle deler av landet, med alle moglege religiøse og kulturelle bakgrunnar, som snakkar alle moglege dialektar og målføre. Landet er rikt på mangfald, mangfaldet finn ein og igjen blant våre medlemmar.

I Fagforbundet tek me no konsekvensane av dette. Me forsøkar å skrive meir nynorsk, å nytte den målforma som kjem naturleg til ein stor del av medlemmane våre. Både i tilitvaldsbladet vårt, og i annonsar kjem folk til å sjå meir nynorsk i tida framover. Folk har krav på respekt, ein del av respekten ligg i å vende seg til folk på deira eige mål.

Som mange av dykk veit, har ikkje alltid nynorsken stått så sterkt i fagrørsla. Kanskje har det historiske årsaker, med nokre få industriadar som viktige unntak har aldri Vestlandet vore fagrørslas sterkaste bastion. Industriegutane i Oslo eller Østfold hadde vel aldri nynorsk som sitt favorittfag på skulen.

Likevel, ein ting hadde dei forståing for, industriarbeidarane. Kravet om å bli akseptert og respektert for den ein er, og få like moglegheit uavhengig av bakgrunn og klasse. Den kampen var dei og viljuge til å kjempe.

Eigentlig er det mange likskapar mellom dei to rørslene, ho til arbeidarane og ho målfolket skipa. Me har begge kjempa ein kamp, og kjempar enno, for likeverd. Fagrørsla har alltid kjempa for sjør respekten til arbeidarane, for at ingen skulle stå med lua i handa for presten, lensmannen eller industriegaren. Me er tufta på trua på eigen dugleik, ingen skulle fortelje oss kva som

tradisjonane i Noreg, den folkelege, motkulturelle kampen mot elitestyret. At Ivar Aasen og fagrørslas store føregangsmann, Marcus Thrane, virka på same tid er nok ikkje noko tilfelle.

Ingen kan leve på minnet om kva som ein gong var. Rørsler som ikkje klarer å fornye seg, døyrt snart ut. Difor har det vore ei evig oppgåve for fagrørsla å identifisere sakene som nett no er viktige for medlemmane våre, og utvikle nye måtar å arbeide på som gjer det mogleg for oss å nå måla me sett oss.

Samarbeidsavtalen me no har inngått med LNK for å styrke stillinga til nynorsk i Fagforbundet gjer nettopp det. Me sett oss sjølv i stand til å nå fleire på ein betre måte. Eit grep me klart vonar skal gje resultat både i medlemstal og omdøme. Men vel så viktig er at me ynskjer å vise folk den respekten dei fortener. Det tyder òg å nytte deira eige mål.

KRONIKKFORFATTAREN

Jan Davidsen

Forbundsleiar av
arbeidstakarorganisasjonen
Fagforbundet



Foto: Trond Isaksen

Ungdom vil ha nynorsk bøker

Barn og unges bystyre i Sandnes (BUBS) har løyvd 25 000 kroner til bøker på nynorsk og engelsk til skulebiblioteka.

RAGNHILD MARGRETHA TARANGER
bladstova@lnk.no

Line Nesvåg Nyborg frå tiande og Sigrí Aas Anda frå niande klasse representerer Giske Ungdomsskule i BUBS. Det var dei som kom med forslaget som til slutt fekk den store potten på 25000 kroner.

- Vi synest det er kjekt å lese, og vi må jo dessutan lese romanar både på nynorsk og engelsk på ungdomsskulen, fortel Line. Men det er ikkje så kjekt viss ikkje bøkene er gode, og då er det greitt å ha litt å velje mellom. På hylla i biblioteket på Giske finn dei no berre nokså barnlege bøker som Roald Dahl på engelsk, og eit svært lite utval i nynorsk litteratur.

- Det verkar som dei andre ungdomsskulane er i den same situasjonen, derfor fekk vi gjennom forslaget, meiner Sigrí. Det er elevrådet som skal ut og kjøpe bøker når pengane kjem. Begge jentene har lese Drageløperen og Tusen strålende soler av Khaled Hosseini, og ønskjer seg meir av slikt til skulebiblioteket.

- Vi vil lese vaksne bøker, seier både Line og Sigrí, og nemner også krim, Jo Nesbø og DaVinci-koden som eksempel på litteratur dei gjerne vil lese.

LOBBYVERKSEMD

Dei to har argumentert hardt for saka si, først i dei innleiande rundane på skulen, der alle klassane skal kome med forslag både til saker og til kva pengane skal gå til. Det er elevrådet som til slutt bestemmer kva representantane skal meine i BUBS. Så var det å få saka gjennom i sjølve BUBS, i kamp mot alle andre gode forslag både på gruppemøte og i den endelige avstemninga.



Line Nesvåg Nyborg frå tiande og Sigrí Aas Anda frå niande klasse representerer Giske Ungdomsskule i BUBS. Foto: Ragnhild Margretha Taranger

- På prøveavstemninga sto bøkene våre likt med ein volleyballbane på ein annan skule, fortel jentene. Då måtte dei til med lobbyverksemd i pausen, og jammen greidde dei ikkje å vinne ti nye stemmer på fem minutt.

- Medlemene i gruppa vår snakka med alle barneskulerepresentantane, og argumenterte med at dei kjem og til å nytte godt av desse bøkene når dei kjem på ungdomsskulen, seier Line.

BLIR HØYRDE

Dei unge bystyreprerentantane føler at dei har reell innverknad når dei sit i bystyresalen og vedtek saker og løyver pengar. Ordføraren i Sandnes, Norunn Østråt Koksvik, leiar bystyremøtet også for dei unge. Dei vaksne politikarane sit på galleriet, og i spørjetimen kan BUBS stille dei spørsmål.

- I fjor tok nokon opp dei elendige toalettforholda på skulane under BUBS-møtet. Det førte til at politikarane løyvde 10 millionar til oppussing,

og no er dei faktisk i gang med arbeidet her på skulen vår, fortel Sigrí og Line nøgde.

LØYV PENGANE SJØLV

Kari Lauten er norsklærer og mediateklærer på Giske Ungdomsskule. Ho synest det er kjempelflott at elevane vil ha fleire bøker å velje mellom, særleg på nynorsk.

- Det syner jo at dei har skjona at jo meir nynorsk ein les, jo betre kan ein også skrive nynorsk. Men samstundes synest ho ikkje det er BUBS sitt ansvar å løyve pengar til lærebøker. - Eg trudde BUBS-pengane skulle gå til utstyr som kan gjer skulekvardagen kjekkare for elevane, og at bøker til biblioteka skulle vere ein budsjettpost i det ordinære kommunebudsjettet. Lauten synest politikarane burde ta dette behovet på alvor og løyve pengane sjølve. Likevel er Lauten imponert over innsatsen til Line og Sigrí.

- Dei har gjort ein kjempejobb for å få fleirtal for fleire bøker til skulebiblioteka.

FRAMTIDSVERKSTAD

Det er kultur og fritidsseksjonen i kommunen som administrerer BUBS. BUBS er til for at alle barn og unge i Sandnes skal ha medverknad i kommunen sin, i følge fritidsseksjon Tone Strøm. Kvart år arbeider skulane med saker som også bystyret har fokus på. I år var temaet Framtidas byar. I tillegg til tema, har BUBS òg ein pott på 100 000 kroner som dei fordeler slik dei ønskjer.

Framtidsverkstad er ein av metodane skulane bruker for å lokke fram engasjementet hos elevane. Her blir elevane spurde om kva dei er uroa for, kva dei hadde gjort om dei fekk bestemme, og kva dei kan få til frå der dei er i dag.

- Vi prøver å fokusere på at det er mykje kvar enkelt kan gjere, sjølv om ein ikkje kan bestemme så mykje. Til dømes er det mange som er opptekne av miljøvern. Då er det viktig å tenkje at alle kan bidra med noko, som til dømes å resirkulere og vere medviten om eige forbruk, seier Strøm.

BUBS

Ein gong i året møtest barn og unges bystyre (BUBS) i Sandnes for å gje utsegnar til politikarane om aktuelle saker, og for å fordele 100 000 kroner til ulike strakstil-tak. 20. november bestemte det 12. BUBS at mesteparten av pengane, 25 000, skal gå til fleire bibliotekbøker på nynorsk og engelsk til alle ungdomsskulane i kommunen.

Lakseslottet Lindum er eit historisk hus der atmosfære og god mat dannar ramma rundt moderne fasilitetar for kurs og konferansar.

Du finn oss i Suldal, hjarta i Ryfylke, om lag to timar reiseveg frå Haugesund, Kinsarvik, Seljord, Stavanger eller Stord.

www.lakseslottet.no

+47 52 79 91 61



Lakseslottet Lindum



Ryfylke

Me
gjev
medlem
av LNK
15 % rabatt



Landssamanslutninga
av nynorskkommunar (LNK)

•
PB 7044
St. Olavs plass
0130 Oslo
•
www.lnk.no
•
info@lnk.no
•
Dagleg leiar:
Vidar Høviskeland
•
Styret:
Jan Magne Dahle, leiar
Astrid Myran Aarvik, nestleiar
Solfrid Borge
Kjell G. Helland
Rune Øygard

Varamedlemmer:
Nils R. Sandal
Velaug Veum
Oddvar Haugland

LNK arbeider for å skape positive haldningar til nynorsk språk og kultur og for at kommunane og styresmakterne tek desse sakene opp gjennom sine planverk.

LNK tek på seg å vere talerør for medlemene og spreie informasjon som styrker dialektane, nynorsk skriftspråk og dei kulturtradisjonane dette står for.

LNK samarbeider med:
Bladet Sunnhordland
KLP forsikring
Hotell Bondeheimen
Fagforbundet
Kommunalbanken

Høviske ord

Dei siste vekene har det blussa opp ein debatt i pressa/media om manglande opplæring i nynorsk for innvandrarak som har slått seg ned i nynorskkommunar. Mellom anna har ordførar i Vågå, Rune Øygard, peika på at innvandrarak som får opplæring i hans kommune, ikkje kan kommunisera med folk rundt seg av di dei berre har fått opplæring i bokmål. Bokmål ligg langt frå dei fleste norske dialektar – også frå Vågådialekten. Innvandrarak i nynorskkommunar slit og med å lesa kommunale sakspapir og stoff i lokalavisene, som stort sett er på nynorsk.

Dette er ei indirekte diskriminering og ekskludering av innvandrarak – ein praksis som hindrar naturleg integrering i nynorskkommunar. Nynorsk er fleirtalsform i meir enn 130 kommunar. Sjølv om innvandrarak er særskilte velkomne, og ei nødvendig arbeidskraft i desse kommunane, er det eit klart behov for betra tilrettelegging av språklege integreringstiltak.

Hovudproblemet ser ut til å vera mangel på læremiddel på nynorsk for desse gruppene, men det handlar og om haldningar hos lærarak og administrasjon i vaksenopplæringa. Utsegner som at "Kvifor skal dei læra nynorsk? Dei flyttar jo snart til Oslo likevel", er ikkje uvanlege. Det kan jo vera at mangel på språkleg integrering er ein del av bakgrunnen for at mange vel å flytta.

Saka har og ei anna side. Arbeidsinnvandrarak frå EU har ikkje krav til språkopplæring på same måte som til dømes flyktningar – men dei har same behov. Mange arbeider i krevjande yrke både i det offentlege og privat, og manglande norskkunnskapar kan i nokre høve gå ut over tryggleik på arbeidsplassen.

I 2001 vart det laga ein rapport om forprosjektet til prosjektet "Nettbaserte nynorske læremiddel for vaksne innvandrarak" ved Gløppen kompetansesenter. Forprosjektet viste at nynorskkommunane alt då ønskte meir læringsmateriell på nynorsk.

Landssamanslutninga av nynorskkommunar har etter dette hatt årviss kontakt med Utdanningsdirektoratet om læremateriellstoda for vaksne innvandrarak i nynorskkommunar. I 2005 vedtok LNK-landstinget ei fråsegn om språkleg integrering av innvandrarak. Det året fekk meir enn 2000 vaksne framandspråklege norskopplæringa si på bokmål – i nynorskkommunar.

Utdanningsdirektoratet løyvde i 2005 og 2006 midlar til utvikling av læremiddel på nynorsk for vaksne innvandrarak, men frå 2007 overtok VOX dette ansvaret.

Sidan har det vore stille. VOX forklarar at grunnen til at det ikkje skjer så mykje når det gjeld nynorske læremiddel for vaksne innvandrarak er at

det ikkje krav til parallellutgåver for denne målgruppa, i motsetnad til dei målgruppene som kjem inn under Opplæringslova.

Skilnaden mellom talemål og skriftspråk er oftast endå større i bokmålsområde. I desse dagar gir Olaf Husby og Wim van Dommenen frå NTNU ut "An introduction to Norwegian dialects". Her kan utendingar læra om samanhengar mellom bokmålet og dei grammatiske hovudtrekka i dialektane i Tromsø, Sandnessjøen, Trondheim, Bergen, Stavanger og Kristiansand – alle solide bokmålskommunar med nynorskneare dialektar.

Kanskje NTNU og burde forska på samanhengane mellom nynorskopplæring og talemålsforståing?



Vidar Høviskeland er dagleg leiar i LNK

Blir språkkonsulent i LNK

Med auka løyvingar over statsbudsjettet kan LNK no auke stillingsressursane sine. Styreleiar Jan Magne Dahle blir såleis engasjert som språkkonsulent i LNK i inntil 40% stilling.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

Landssamanslutninga ønskjer å auke kontakten med medlemskommunane og å jobbe endå tettare opp mot skuleverket. Derfor vil organisasjonen no nytte høvet til å styrke den språkfaglege og pedagogiske kompetansen, samstundes som dei knytter til seg ein ressurs med god kunnskap om kommune-Noreg.

MEIR SKULEFAGLEG

- Den skulefaglege kontakten blir ei stadig viktigare oppgåve for LNK, seier dagleg leiar i LNK, Vidar Høviskeland. -Til no har vi løyst desse utfordringane



Styreleiar Jan Magne Dahle er engasjert som språkkonsulent i LNK frå årsskiftet. Dahle har bakgrunn frå undervisningssektoren og bar som folkevald i snart 30 år brei kjennskap til offentleg sektor på kommunalt og regionalt nivå. (Foto: Astrid E. Hjeltneland)

ved å leige konsulenthjelp. Med ein halv million ekstra i potten kan LNK no få denne kompetansen inn i organisasjonen, og det ser vi svært positivt på.

Jan Magne Dahle kjem frå Ørsta, har lærarutdanning og er adjunkt med opprykk med fagkrinsen historie, matematikk, engelsk og rettleiings- og

leiingspedagogikk. Han har jobba som fulltidspolitakar sidan 2004 og er gruppeleiar for SV i fylkestinget i Møre og Romsdal.

ENGASJERT EITT ÅR

Dahle seier hans oppgåver i LNK vil bli å styrkje kontakten med medlemene til organisasjonen og samstundes ta seg av språklege oppgåver som rettar seg mot barnehage, skule og kultur. - Arbeidet retta mot statlege styresmakter i spørsmål om nynorsk opplæring for innvandrarak er til dømes ei oppgåve som på langt nær er fullført, seier Dahle, som og vil sjå det som si oppgåve å få fleire kommunar til å nytte seg av språkkurset På saklista.

Jan Magne Dahle har vore styreleiar i LNK sidan 2003. Engasjementet som språkkonsulent gjeld frå 1. januar til 31. desember 2009.



Ny duk på bordet. Og nye kvite arkl. Her må då ordi koma, her som er so fin duk og so fint papir! I sen la seg på fjorden, so kom fuglane og sette seg.

Av Olav H. Hauge, som ville ha fylt 100 år i 2008.

Stor interesse for papirlaus kvardag

Slutt på sakspapir i posten

Seks nynorsk – kommunar har vist interesse for å innføre papirlaust kommune-styre. – Det er overraskande mange, seier Jon Slorer i Microsoft.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

LNK-avisa hadde i førre nummer eit oppslag der Microsoft etterlyste ein nynorsk pilotkommune for å innføre ein papirlaus politikarkvardag. Seks kommunar eller samarbeidsorgan har seinare vist interesse for å gå i dialog med Microsoft og systemleverandørane ACOS og Gecko Informasjonssystemer AS, som delvis er eigde av ErgoGroup. Desse er: Etne kommune, Vanylven kommune, Tokke kommune, Åseral kommune, Lindås kommune og Ryfylke Interkommunale selskap (RIKS) som består av seks kommunar.

REALISERING I 2009

- Interesse for dette har vore overveldande. Eg har seinast i dag vore i telefonkontakt med Åseral og Lindås kommune, seier Slorer, som legg vekt på at framgangen i prosjektet no er avhenging av kor fort leverandørane ACOS og Gecko kjem på banen. - Status er at me er i dialog med leverandørane og ventar no på respons frå dei. Det er klart dette er utviklingstrekk som også skal passe inn i framdrifta deira. Men det er berre eit spørsmål om tid før dette er på plass, meiner han, og viser til at målet er å få dette tilgjengeleg i løpet av 2009. Bakgrunnen for at ein no ynskjer å realisere programmet i nynorsk drakt er innføringa av papirlaust byråd i Bergen kommune. Der har kvar politikar sin eigen datamaskin



(Foto: Stockxchng)

med program utvikla av Microsoft. Med maskinen er det også ein elektronisk penn og ein aktiv skjerm som fører til at dei kan skrive direkte i dokumenta.

INGEN KOSTNADSFORSKJELL

Direktør i ACOS, Ivar Wessel Thomassen, er positiv til prosjektet og meiner også det er realistisk å tru at løysinga er på plass i løpet av neste år. Programmet som er under utvikling, inneheld blant anna modular for informasjon, visualisering av saksdokument, vøteringsystem og kommunikasjon mellom politikarane. - Vil det bli ein kostnadsforskjell i forhold til kva språk kommunen ynskjer programmet i?

- Nei. Dette vil først og fremst bli noko våre eksisterande kundar vil dra nytte av. Og det vil ikkje vere noko kostnadsforskjell om ein ynskjer dette på bokmål eller nynorsk, meiner Thomassen.

ACOS har i dag om lag 150 kundar blant norske kommunar og leverer program på nynorsk, bokmål og samisk. Ordførar i Tokke kommune, Olav Urbø, er ein av dei som håpar ein papirlaus kvardag vert ei betre løysing for lokalpolitikken.

- Det er stor politisk interesse for dette. Ikkje minst sidan det truleg vert veldig kostnadseffektivt der ein kan spare mykje på blant anna porto og papirkostnadane, meiner han.

Viktig med læremiddel på nynorsk

Ei kartlegging utført av LNK-avisa viser at elevar ved vidaregåande skular meiner det er viktig å få skulebøkene på den målforma dei ynskjer.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Kartlegginga som LNK-avisa har gjennomført blant 100 elevar i førsteklassar ved vidaregåande skular i Telemark, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal og Hordaland, viser blant anna at 69 prosent meiner det er viktig å få læremiddel på eiga målform.

- Det var ein del bøker eg ikkje fekk tak i på nynorsk, det er særskilt irriterande. Det burde vore like lett å få tak i bøker på nynorsk som det er på bokmål, seier ein av elevane i kartlegginga.

66 prosent av elevane har nynorsk som hovudmål på vidaregåande. Men fleire opplyser at dei har skifta målform, 75 prosent svarer at dei hadde nynorsk som hovudmål på ungdomsskulen. - I 1 - 5 klasse hadde eg nynorsk. I 6. klasse skifta eg til bokmål fordi eg flytta til Bergen og fekk opplyst at eg berre kunne få bokmålsbøker, uttalar ein av elevane. Andre svarer at dei har skifta til bokmål fordi det er meir naturleg, enklare å skrive og at dei føler seg tryggare på bokmål enn på nynorsk. 78 prosent av elevane svarer at dei har fått skulebøkene på den målforma dei ynskjer. Men framleis ventar mange på nynorskbøkene.

- Dei fleste kom til skulen eit par veker etter skulestart. Men eg manglar framleis ei bok og no har det gått over sju veker, skriv ein av elevane.

Fagrørsla set språkpolitikk på dagsorden

Språk er knytt til identitet, verdiar og sjølvkjensle – og språkpolitikk handlar di- for om respekt for enkelt-individ. Derfor inngår nå Fagforbundet ein ny avtale med Landsamanslutninga av Nynorsk kommunar (LNK) for å styrkja nynorsken sin plass i samfunnet og eigen organisasjon.

EINAR SCHIBEVAAG
einar@norsk-plan.no



Avtalen som blei inngått mellom Fagforbundet ved Jan Davidsen og dagleg leiar i Landsamanslutninga av Nynorsk kommunar Vidar Høviskeland syner at fagrørsla tar jamstilling av dei to skriftspråka på alvor (Foto: Einar Schibevaag)

Sidan 2003 har Fagforbundet hatt eit nær samarbeid med Landsamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK). Eit ønske frå Fagforbundet har vore å gje medlemmane eit bokstavleg tala meir målretta tilbod.

- Nynorsk er fleirtalsform i meir enn 130 kommunar her i landet, og det skulle berre mangle om ikkje dei fagorganiserte i desse kommunane skulle få tilfang og informasjon på si eiga målform, seier Davidsen.

VIL MEIR

No går Davidsen og Fagforbundet endå lenger. Dei set klare mål for eiga verksemd som gjeld språk, og dei vil nytte 450 000 kroner per år dei neste fem åra på å styrkja tilboda for mellom anna dei som arbeider med dei yngste i barnehage og skule.

Fagforbundet har svært mange som arbeider med barn og unge i skule, barnehage, fritidsklubbar osv.

- Ved å gå inn på ein så langsiktig avtale kan me verkeleg setja desse kulturspørsmåla på dagsorden i eigen organisasjon og me gir LNK ressursar på målretta tiltak for å nå slike målsetjingar.

VINST FOR NYNORSKBRUKAREN

Avtalen som blei underskriven i går listar opp fleire konkrete tiltak midlane skal nyttast til. Vidar Høviskeland i LNK fortel at Fagforbundet og LNK i lag har funne fram til dei prosjekta dei vil prioritera. Han trekkjer her fram mellom anna kulturavisa Pirion som rettar seg mot tilsette i barnehage og småskule.

Det einaste nettstedskriftet på nynorsk for ungdom, magasinet.no, kan med denne avtalen styrkjast og det skal setjast i gang eit prosjekt som tar sikte på å få fram fleire tilbod på biblioteka på nynorsk.

NATURLEG I KVARDAGEN

Davidsen ynskjer og med denne avtalen at tilsette og tillitsvalde i organisasjonen skal treffa nynorsk på ein naturleg måte i kvardagen. Mellom anna skal informasjonstilfang vera tilgjengeleg på begge målformene og dei som vender seg til oss skal få svar på den målforma dei sjølv nyttar.

- At me no med denne avtalen mellom anna kan gje tilbod i språk for tilsette og tillitsvalde i kommunesektoren vil vera med å utvikla kunnskapen og haldningane til det viktigaste verktøyet desse brukar kvar einaste dag.

LOKAL KULTURARV FØRST

Svært mange av medlemmene våre arbeider kvar dag med barn og unge og då ynskjer me at dei skal vera med å formidla den lokale kulturarven til dei nye håpefulle. Gjennom fleire av dei tiltaka denne avtalen inneheld blir det lagt til rette for kunnskapspåfyll.

- At unge menneske møter sin eigen kultur i barnehagen eller skulen er viktig for å skapa haldningar til eigen identitet og derfor vil Fagforbundet bidra til dette, avsluttar Davidsen.

Fagforbundet gjer ei viktig prioritering

Kommunalminister Magnhild Meltveit Kleppa er svært glad for avtalen som er inngått mellom LNK og Fagforbundet.

EINAR SCHIBEVAAG
einar@norsk-plan.no

- Eg har alt merka meg samarbeidet som dei to organisasjonane har hatt eit par år. At Fagforbundet no vel å utvida samarbeidet viser at dei ser kor viktig eit språkleg mangfald er.

INSPIRASJON

Kleppa meiner det bør inspirera andre til å følgja organisasjonen sitt eksempel. Når Fagforbundet i den nye avtalen legg vekt på at midlane i stor grad skal nyttast på tiltak retta mot barn og unge er det viktig.

- Språk og kultur er viktig i oppveksten. At LNK no kan fremja dette viktige arbeidet ytterlegare, gler meg mykje.

MEIR ENN 100 PROSENT

Det ligg og til grunn for den satsinga regjeringa no har gjort ved å auka løyvingane til LNK med meir enn hundre prosent frå 2008 til 2009.

- Det har vore ei bevisst handling for å gje organisasjonen rom til å auka satsinga i kommunane. At det kan presenterast gode tilbod som kan vera til hjelp og støtte for dei som arbeidar med desse målgruppene.

Større fokus på kultur og identitet i kommunane er ei viktig sak i arbeidet for gode lokalsamfunn å vekse opp i.

BEST I NYNORSKSATSING

Derfor innfører regjeringa no ein pris for beste nynorsk-kommune. Ein pris som skal inspirera kommunane til å setja desse spørsmåla på dagsorden og dermed sokja å strekka seg mot den prisen som skal delast ut.

På denne måten får me fram meir kunnskap og engasjement som kan vera til nytte for fleire kommunar

Prisen blir første gang utdelt på landstinget til LNK i Loen 27. – 29. mai neste år.



Mads Gjesdal (16) frå Bryne vgs lot seg inspirere av det politiske rollespelet og meinte elevane hadde fått betre innsikt i korleis politikarar arbeider. (Foto: Judith Sørhus Lillehamar)

Politikar for ein dag

Stortinget sitt undervisningsopplegg Minitinget skal stimulere til politisk engasjement hjå elevlar i vidaregåande skule. No kjem også eit opplegg for ungdomsskule.

JUDITH SØRHUS LITLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Målet med Minitinget er å skapa engasjement og vise dei korleis det demokratiske spelet fungerer. Noko av det viktigaste er å formidla kunnskap om demokratiet og det politiske livet, samt å stimulere til valdeltaking, seier rådgjevar i informasjonssesjonsjonen på Stortinget, Elin Relander Tømte. Minitinget er lagt opp som eit rollespel der elevane får prøve seg som stortingspolitikarar, både i debattar, spørjetimar, komitémøte og under tv – intervju.

- Mange vert overraska over at det er så travelt å vere politikar. Det er mykje å setje seg inn i, og det er lettare å forstå til dømes komitéarbeidet når dei sjølve får prøve, meiner Tømte. Ho viser til at opplegget har fått mykje positiv respons, og at mange lærarar kjem attende år etter år med nye elevlar.

KVA SKJER I 2015?

I haust starta også Stortinget opp prosjektet 2050 – Valget er ditt der elevlar på ungdomsskule skal få prøve det politiske livet. Dette undervisningsopplegget er ein forkorta

og noko lettare versjon av det dei eldre elevane får i Minitinget. Her byrjar ein med å vise ein film om eit tenkt samfunn i 2015 der mange av våre samfunnsproblem er løyste. Så vert det sett fokus på spørsmålet: Kva har dei gjort for å få dette til? Deretter får elevane utvikle partiprogram som dei seinare stemmer over.

- Eg trur det er viktig for elevane å kome til Stortinget for å oppleve dette. Det som står i media og det faglege dei les i bøkene har ofte eit vanskeleg språk. I eit rollespel er det lettare å forstå kva som skjer, meiner Elin Relander Tømte.

- VIL GJERNE BLI POLITIKAR

Blant dei som i haust har delteke i Minitinget er Garborgsenteret på Bryne. Dei har sett saman ei gruppe av elevlar frå Bryne, Asker og Nord – Østerdal vgs som skal delta i utviklinga av senteret.

- Eg er kjempenøgd med opplegget. Og ganske overraska over at det var så grundig og ordentleg, seier Andreas Opstad (16) frå Asker. Etter det tre timar lange opplegget på Stortinget kan han godt tenkja seg ei framtid som politikar.

- Ja, eg har litt lyst til å bli politikar, seier han og smiler. Mads Gjesdal (16) frå Bryne er samd i at opplegget er interessant å vere med på.

- Det er spanande å få betre innsikt i korleis politikarane jobbar, meiner han.

Gratis skulefrukt i EU

22 millionar overvektige EU-barn har gjort at Europaparlamentet innfører gratis skulefrukt frå hausten 2009.

EU løyver rundt 800 millionar kroner frå felleskassa for at skuleelevar mellom seks og elleve år skal få frukt i skuletida.

Kommisjonen tar utgangspunkt i at det er om lag 22 millionar overvektige barn i EU og at 5 millionar av desse er sjukleg overvektige på grunn av for høgt inntak av feitt, salt, sukker og andre søtstingsstoff.

Ifølgje nettsidene til Dagligvarerhandelen aukar det siste talet med 400.000 kvart år. (©NPK)

Gamle og unge er i strid. Men det må så vera. Var det ikkje det, fann ikkje dei unge på anna enn det dei gamle alt hadde gjennomført, og så sovna livet.

- Arne Garborg

NASJONALT GARBORGSENTER

Eit formidlingscenter for framtida

Målgruppe: Unge menneske

Senteret skal inspirera til samfunnsengasjement, til å lesa, til å skapa og formidla kunnskap basert på dei nasjonale og internasjonale visjonane til Hulda og Arne Garborg.

Nasjonalt Garborgsenter er ein del av Jærmuseet, eit regionalt vitensenter for Sørvestlandet.

Støttespelarar: Bryne Kro & Hotell, Forum Jæren, IKM Gruppen, Jæren Hotell, DNF, Sig Halvorsen

Opning: 2011



garborg.no

JÆRMUSEET

Tek vare på historia

fungere som ein koordinator. Hindal legg vekt på at det ikkje minst er alle dei lokale og regionale tiltaka gjennom kulturminneåret som vert avgjerande om året vert ein suksess.

- Det er viktig å få fram at kulturminneåret er eit år mange er opptekne av. Det blir eit nasjonalt år fordi enkeltpersonar, lag og organisasjonar bidreg til å skape aktivitet, meiner ho.

Av aktivitetar det neste året nemner ho kystlaget i Tromsø som ynskjer å lære folk å ro – ein kunst som er i ferd med å gå i gløymeboka. Andre ting er til dømes feiringa av at Bergensbanen vert 100 år. Samstundes vil også bergensane bruke kulturminneåret til å setje fokus på byens ruinar. Elles vert det sommararrangement i Kristiansand, og fleire stadar kan du få sjansen til å gå ulike typar kulturminneløyper, ofte til og med gjennom fleire fylke, og fotoutstilling med bakgrunn i landets mangfaldige industrihistorie.

FRIR TIL PUBLIKUM


- Me vil også etablere nettstaden dagliglivet.no som skal fri til publikumet

som vert oppfordra til å sende inn eit bilete av ein kjær gjenstand frå dagleglivet i etterkrigstida. Til slutt vert det ei kåring av den beste gjenstanden, seier Hindal.

- Me er ofte så opptekne av praktbygga våre, stavkyrkjene og dei fine gjenstandane. Men dagleglivet er vel så viktig, som til dømes strikkesøyet eller den gamle grammofofonen. Det er viktig å aktualisere det. Det er jo kvardagen som utgjer hovudtyngda av liva våre, meiner ho.

Hindal viser til at ein ynskjer å dokumentere erfaringane frå kulturminneåret og håpar dei fleste skal få sjansen til å bidra til prosjektet på eit eller anna nivå.

- Eg håpar dei fleste får ta del i dette, at dei til dømes får bevege seg i ei eller fleire kulturminneløyper gjennom året.



Kulturminneåret 2009 skal gjere oss bevisste på eiga kulturbistorie. Biletet er frå Hordanger Folkemuseum. (Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

Kulturminneåret 2009 skal gjere folk bevisste på kva det er viktig å ta vare på.

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Målet er å bevisstgjere folk på kva eit kulturminne kan vere. Mange tenkjer at det er ein bygning, eller til dømes eit kulturlandskap. Men det kan vere mykje ein ikkje kan ta eller føle på. Som til dømes ein song, eit eventyr eller eit handverk, seier prosjektleiaren Sidsel Hindal.

Miljøverndepartementet gav i 2006 Norges kulturvernforbund hovudansvaret for å planlegge, gjennomføre og evaluere Kulturminneåret

2009. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Riksantikvaren, ABM – utvikling – Statens senter for arkiv, bibliotek og museum, Noregs museumsforbund og KS. Meininga med prosjektet er å synleggjere og aktualisere dei ulike kulturminna me har rundt oss i kvardagen.

TRENG LOKALE TILTAK

- Kulturminna er ein del av det me har rundt oss og som heile tida er i utvikling. Ein viktig bit av prosjektet er å vere med å bygge opp under andre type fagalliansar enn dei me ser til dagleg, meiner Hindal.

Kvar kommune og fylke har også utpeika ein eigen kontaktperson som skal ta initiativ til prosjektet og

Besøksrekord i norske museum

Norske museum passerte i 2007 ti millionar besøk. Det er ei auke på nesten ni prosent sidan året før. I 2007 var det 10,2 millionar besøk på norske museum. Om lag 40 prosent av desse besøkane var på museum i hovudstaden. 11 prosent av besøkane var i Hordaland medan ni prosent av dei besøkjande vitja museum i Sør – Trøndelag. Museumstatistikken for 2007 omfattar 173 museum.

(Kjelde: ABM – utvikling)

- for deg som meiner noko

MAGASINETT

Eit stimulerande nettmagasin for elevar på ungdomstrinnet og i den vidaregåande skolen – på nynorsk!

www.magasinett.no

Nett det du treng på nettet?

NO OG MED EIGA
HANDBOK
FOR LÆRAREN!

Barnevennleg museum



Trøndelag museum satsar stort på tilbod for born. Biletet er benta frå dilemmaforestillingen Unionsdramatik 1905, der unge frå dei kulturbistoriske dramagrupperne spelte saman med vaksne skodespelarar. (Foto:Trøndelag Folkemuseum)

REKRUTTERER UNGE

Via dramagrupperne rekrutterer museet nye unge formidlarar på museet, som er med og jobbar på museet om sommaren. I tillegg får mange av dei yngste tilbod om å vera med på frivillig basis for å skapa liv på gardstuna. Nokre av dei eldste har også fått opplæring av ein smed og kan jobbe i smia, fortel Garberg. På denne måten rekrutterer museet eit ungt publikum til museet via vener og kjente av dei som arbeidar der.

- Haldninga blant dei unge om at det er kjedeleg å vera på museum er blitt til at det er kult å vera der, fortel Garberg.

FØRSKULEUTDANNING

I 2007 kom ideen om ein open barnehage. Frå ein litt roleg start har museet sin opne barnehage i dag open tre dagar i veka, og har jamt over 15-20 besøkjande. Desse er besteforeldre eller foreldre med born, og då ofte pappaer med born, seier Garberg. Den opne barnehagen blir driven på eit av gardsanlegga på museet og er ein kulturhistorisk barnehage.

- Me såg tydeleg at det med kulturhistorie og historie var mangelvare blant dei tilsette førskulelærarane, seier Garberg. Saknet av kulturhistoriefaget i den ordinære førskuleutdanninga har fått Sverresborg museum i samarbeid med systemmuseet Jämtland Läns Museum i Östersund til å gå i bresjen for ei ny førskuleutdanning.

I samarbeid med Dronning Mauds minne i Trondheim vil dei to musea tilby nye studentar ei førskuleutdanning med kulturarv som hovudsatsing.

Dersom søknaden går gjennom vil dei allereie hausten 2009 kunne tilby nye studentar denne utdanninga.

Sverresborg museum er ein føregangsinstitusjon når det gjeld kulturformidling for born.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

- Kven har bestemt at det ikkje kan vera barnelått i ei utstilling, seier konservator og avdelingsleiar for formidling på Trøndelag Folkemuseum Sverresborg, Ann Siri Hegseth Garberg.

Ei av utstillingane som framkallar lått blant borna på eit av landets største kulturhistoriske museer er den populære barneutstillinga og forundringsskipet "Kaptein K". Denne utstillinga vart utsmykka av kunstnarar Pål Bøyesen i 2000 og er, ifølgje Garberg, like populær blant born den

dag i dag. Her kan borna gøyne seg i gangar og leike i ein god blanding av nye og gamle ting. Og vil du finna steinar som snakkar er du komen på rett plass.

GRADVIS SATSING

I tillegg til barneutstillingar husar museet i Trondheim fleire dramagrupper for born og ungdom, eigen open barnehage og musikkgrupper for dei minste.

Garberg seier museet har hatt ei gradvis oppbygging av satsing mot born sidan ho vart tilsett som fyrste pedagog i 1990. Etter fleire "festalar" om barnesatsingar byrja museet aktivt å sjå på korleis ein kunne setja saman eit program for born og skapa "Trondheim sin beste attraksjon for barnefamiljar". Barneaktivitetane skulle vera synlege og det vart

etablert ein stor kreativ verkstad for born der barnehagar og skuleklassar kunne delta i ulike barneprogram i regi av museet.

FRÅ FORMIDLING TIL DELTAKING

Frå å formidla ved hjelp av dramatiske metodar knytta museet til seg dramapedagogar, og i 2003 kom museet i gong med dramagrupper. Samstundes starta dei med musikkgrupper. I dag er det fire dramagrupper med born frå 5 år til elevar i ungdoms- og vidaregåande skule.

I dramagrupperne får borna delta aktivt sjølv i formidlinga av "den gode forteljinga, fortel Garberg.

Museet har i dag tilsett åtte dramalærarar og for tida er dramagrupperne i gong med førebuing av ei framsyning til museet sitt 100 års jubileum til våren.




Vi har fått ny nettside: www.pirion.no

Her kan du finne inspirerende kultursaker, omtalar av bøker for barn, inspirasjon til song- og forteljstunder

og ikkje minst: Pirions eige juleeventyr!



Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskular som kjem ut åtte gonger i året. Vil du tinge Pirion til barnehagen din? Ønskjer du informasjon om Pirionkurs? Send oss ein e-post: pirion@norsk-plan.no

Museum

Nasjonalt kunnskapssenter på Jæren

- Eit Garborgsenter vil vera med å styrkja målprofilen til Jærmuseet, seier museumsdirektør Målfrid Snørteland.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

Garborgsenteret

Planlagt oppstart 2011

Eigen utstillingsansvarleg skal på plass tidleg i 2009.

Senteret skal utfordra og det skal gå ein raud tråd mellom områda

- Litteratur og formidling av litteratur
- Demokrati
- Skaparkraft – den jærske tyda
- Språk
- Media

Nasjonalt arkiv for forteljing

Time kommune har inngått avtale med den private utbyggjaren Forum Jæren AS om kjøp av omlag 2600 m² lokale til nytt folkebibliotek og lokalisering av senteret (senteret sin del er om lag 1060 m²). Jærmuseet vil leige dette lokalet av time kommune.

Etableringa av eit nasjonalt Garborgsenter spring ut av 150-årsjubileet for Arne Garborg, Garborg-året 2001. I etterkant tok Time Mållag initiativ til ei utgreiing av ideen om eit Garborgsenter. I 2006 starta Time kommune eit forprosjekt med sikte på å etablere Nasjonalt Garborgsenteret i regi av Jærmuseet.

Lokalet til Nasjonalt Garborgsenter er kostnadsrekna til 18 millionar kroner. Basisutstillinga kjem på om lag 20 millionar kroner. Innreiing og utsmykking er kostnadsrekna til 3,8 millionar kroner. Samla brutto kostnadsoverslag er på 41,8 millionar kroner. Driftsbudsjettet i 2011 er på vel 8,2 millionar kroner.

Sjølv om ikkje Jærmuseet har planar om å få ein felles språkprofil, meiner Snørteland at målprofilen på Garborgsenteret vil vera viktig for dei som ynskjer at organisasjonen skal ha ein nynorskprofil.

Jærmuseet tok i vår over driftsansvaret for Nasjonalt Garborgsenter og direktøren er optimistisk når det gjeld oppstart på Bryne i 2011.

Garborg gir så mange innfallsvinklar, seier Snørteland. Han blir rekna som ein av dei viktigaste nynorskforfattarane, men han var og redaktør, samfunnsdebattant og ikkje minst målmann.

Snørteland legg også vekt på at Garborg er variert og mangslungen, og at han er eit godt dømme på "den jærske tyda", som er eit kjenneteikn på den den driftige jærbuen.

UTVIDAR HORISONTEN

- Eit nytt Garborgsenter betyr ei utviding av museet sin horisont, held Snørteland fram.

Trass i at museet har kalt opp hestane sine etter karakterar som "Veslemøy" og "Haugtussa" frå litteraturen til Garborg, så kan ho ikkje syne til tidlegare garborgprosjekt på museet.

Det nye senteret passar godt inn i profilen til museet, seier ho. Museet har allereie eit sterkt fokus på tilbod til barn og unge via Vitengarden på Jæren og Vitenfabrikken på Sandnes som er ny av året. Har du tilbod til barn og unge, drar du foreldre og besteforeldre inn i musea også, understrekar ho.

MØTESTAD

Prosjektleiaren for Garborgsenteret Einar Schibevaag legg vekt på at senteret skal vera ein del av eit pulse-lande og innovativt fellesskap.

- Senteret skal vera ein møtestad for unge menneske som skal vera med å forme framtida, seier Schibevaag.

Senteret skal samlokaliseras med det nye biblioteket til Time kommune. I tillegg er det planlagt ein ny vidaregåande skule med plass til kring 1700 elevar vegg i vegg.

SKAPA DEBATT

Arne Garborg og kona Hulda var engasjerte på fleire hald og opptekne av heile si eiga samtid, noko som



Med utgangspunkt i Garborg sine tankar og idear skal Garborgsenteret gje kunnskap og idear til eigen aktivitet og utvikling. (Foto: Jan Nordveit)

gav utslag i sterke opprør og aktiv deltaking i samfunnsdebattane.

- Eit av måla til etableringa av eit nasjonalt Garborgsenter er å skape debattar mellom unge for å synleggjere ideologiske skilje med sikte på å skapa engasjement, seier Schibevaag.

Med utgangspunkt i Garborg sine tankar og idear skal senteret gje kunnskap og idear til eigen aktivitet og utvikling.

Difor er 18 ungdommar frå Asker, Jæren og Tynset peika ut til å vera i eit brukarpanel for å vera med å byggja innhaldet i senteret. Gruppa skal følgja prosessen fram til opninga i 2011.

MOT TIL Å MEINA

- Eit nasjonalt kunnskapssenter på Jæren skal setja dei nasjonale og internasjonale visjonane til Hulda og Arne Garborg på dagsorden, seier Schibevaag. Senteret skal vera ein formidlar av kunnskap og inspirere unge til samfunnsengasjement og til å lesa. Dei unge skal sjølve vera med å forme innhaldet, understrekar Schibevaag.

Eit konkret dømme på dette er valprosjektet "Mot til å meine" som senteret skal utføra i samarbeid med Landssamanslutninga av nynorsk-kommunar (LNK) og Time, Hjelmeland og Sauda kommune. Målet er å få fleire unge til å delta i politiske prosessar,

stå på lister, gå til urnene og sikra fleire i målgruppa i kommunestyresalen ved valet i 2011.

Riksveg 13 kan bli diktarveg

Fem forfatterstiftingar ønskjer å utvikle ein diktarveg langs Rv. 13. Små drypp av kultur og litteratur langs indre kyststamveg skal pirre nysgjerrigheita til dei reisande.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Tenk så bra om vi kunne fått folk til å undre seg langs heile Riksveg 13, seier dagleg leiaren i Lølandstiftinga, Marny Skeie Henkel. Lølandstiftinga er ein av initiativtakarane til diktarvegen og den av dei som allereie har prøvd ut nokre av ideane i praksis.

Dei har fått den lokale ferja smykka ut med sitat og bilde frå Rasmus Løland si verd og har tatt venterommet på ferjekaien i bruk til kulturarrangement.

Dette var ifølgje Skeie Henkel den speide byrjinga til det som no har blitt eit samarbeid mellom Nasjonalt Garborgsenter, Rasmus Lølandstiftinga, Olav H. Hauge-stiftinga, Sivle-laget og Jakob Sande-selskapet. Saman med I/S Fjordvegen og LNK har desse søkt ABM-utvikling om midlar til å utvikle diktarvegen. LNK si rolle i samarbeidet knyter seg til den nynorske profilen dette arbeidet vil ha.



Anne Danielsen (16) Bryne vgs t.u. og Vibeke Strand (16), Nord - Østerdal vgs er to av 18 ungdommar frå Asker, Jæren og Tynset som er peika ut til å vera med i eit brukarpanel for å vera med å byggja innhaldet i Garborgsenteret. (Foto: Judith Sorbus Lillebamar)

TOLERANSEPROSJEKT

Garborgsenteret samarbeidar også med LNK om prosjektet "Rekruttering og integrering – toleranse og kompetanse". Prosjektet vil utfordra elevar i ungdomsskulen og den vidaregåande

skulen og deira haldningar til framande kulturar.

Målet er å skapa grunnlag for å endra haldningar gjennom påfyll av kunnskap og praktisk samarbeid mellom dei unge og dei arbeidssøkjande.



Sitat frå Rasmus Løland pregar den lokale ferja i Suldal. No kan det bli fleire slike litterære drypp langs Rv 13. (Foto: Judith Sorbus Lillebamar)

venterommet. Det har fungert veldig bra, og vi jobbar no med å få til ei ordning med bokkassar der folk kan legje frå seg bøker dei ikkje treng meir slik at andre kan låne dei med seg.

- Vi vil at folk skal forstå at dei reiser langs Garborg-vegen når dei reiser frå Sandnes, langs Løland-vegen når dei er i Suldal, og så vidare, fortel Skeie Henkel. - På denne måten håpar vi å få løfta desse fem forfattarane ut i eit vidare perspektiv.

Diktarvegen

Spenner over tre fylke og fem forfattarar:

- **Rogaland** - Arne Garborg i Sandnes og Rasmus Løland i Suldal
- **Hordaland** - Olav H. Hauge i Hardanger og Per Sivle på Voss
- **Sogn og Fjordane** - Jakob Sande i Førde i Sunnfjord

Ytterlegare samarbeidspartar: I/S Fjordvegen og LNK. Har eit budsjett på 900 000. 450 000 er søkt i tilskot frå ABM-utvikling. Resten er tenkt finansiert ved fylkeskommunale tilskot og sponsormidlar

- Vi har etablert eit samarbeid med Nasjonale Turistveger og Statens vegvesen i samband med litteraturferja her i Suldal og arrangement på



Kommunekreditt har vore støttespelar for Opera Nordfjord i ti år.

Det er mange mål....

Nokon er lette å nå - andre vanskelege. Ny skule, betre vassforsyning eller kanskje eit nytt operahus. Kommunekreditt gjer sitt for at midlane skal strekke litt lenger når dei folkevalde skal prioritera sine investeringar.



Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Garborgsenteret har fått penger

Garborgsenteret har nyleg fått ei løyving frå kulturkomiteen på 500.000 kroner for 2009.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

- Innstillinga frå kulturkomiteen gler oss svært mykje, seier prosjektleiaren Einar Schibevaag.

Komiteen er positiv til etableringa av eit nasjonalt Garborgsenter og meiner realiseringa av senteret i Time på Jæren er viktig. Eit senter som skal fremje Hulda og Arne sine visjonar som handlar om langt meir enn litteratur.

- 500 000 kroner for 2009 fortel at me er i gang og at me kan konsentrere oss om innhaldet me skal fylle senteret med, avsluttar ein nøgd prosjektleiaren.

Tidlegare i år kåra Kapital henne til årets kvinnelege maktkomet. Hadia Tajik (25) klatrar på karrierestigen, samstundes har ho dårleg samvit for nynorsken.



(Foto: Judith Sørhus Littlehamar)

- Journalistikken og politikken har mykje til felles, dei vil begge noko, fortelje noko, forandre noko og har på mange måtar same drivkrafta.

Vil fortelje historier

JUDITH SØRHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

På Justis – og politidepartementet sine nettsider står den imponerende oversikta: Bachelor i journalistikk frå Høgskolen i Stavanger, Master of Arts frå London, tredje avdeling jus frå Universitetet i Oslo, journalist og kommentator i media som VG, Aftenposten og Morgenbladet. Medlem i AUF sidan 1999, deriblant nestleiar i Rogaland AUF og leiar av Strand AUF. Som 23 – åring vart ho utnemnd til politisk rådgjevar for Arbeids – og inkluderingsminister Bjarne Håkon Hansen, seinare statsminister Jens Stoltenberg og no justisminister Knut Storberget. I dag er ho også nominert på sjette plass på Oslo Ap si nominasjonsliste for stortingsvalet i 2009. Det uunngåelege spørsmålet er : Kva er løyndomen?

- Det handlar om hardt arbeid og flaks. Dersom du brenn for noko, arbeider du også hardt. Når dagen er omme handlar det om at du kan det du gjer. Og at andre ynskjer å anbefale deg, det er det nettverk betyr. Noreg er eit så lite land at folk ser du arbeider, seier ho sjølv frå kontoret sitt i sjuande etasje i departementsbygget. Me har fått tretti verdifulle minutt.

- Eg må berre ta ein telefon først, så er eg klar, smiler ho, før ho ståande ved skrivebordet seier i telefonen:

- Du, når det gjeld det seminaret i dag. Knut skal på Redaksjon 21 i kveld og eg må fylgje han. Viss du berre kan innleie litt, så kjem eg etter kvart.

Fint. Avtalen er i boks. Og dagen ser med eit litt ryddigare ut. Ho seier seg samd i at kvardagen er hektisk, men ho likar det. Det skal storme litt.

Hadia var ung då ho byrja å markere seg. Som 17- åring fekk ho det første vikariatet i kulturredaksjonen i Aftenposten. Som 17 – åring skreiv ho også om gettoen i bygdenoreg i Dagbladet. "Foreldra mine var dei første svartingane som flytta til bygda, og fekk derfor ganske mykje merksemd. Storfamilien gjorde sitt aller beste for å ta vare på dei nye maskotane sine. Og sidan dei aller fleste har den oppfatninga at muslingar (muslimar) stort sett held seg heime og produserer perler, er det framleis folk som reagerer på skjortelengda mi. Og på frekkisane mine. Og på den sjuke humoren min. Og på at eg klarer å uttale ø-en utan at det høyrer ut som eit tvangsekteskap mellom ein "u" og ein "o," skriv ho.

Ho er framleis oppteken av integrering og innvandring. Og ikkje minst diskriminering. Og det handlar fram-

leis om å fortelje historiene om dei som fell utanfor.

- Alle er produkt av sine egne erfaringar. Det er klart min innvandringsbakgrunn med foreldre frå Pakistan har gjort meg til den eg er i dag. Eg har gjerne sett andre sider av samfunnet og det har gjort meg oppteken av diskriminering, både av etniske norske og av innvandrarak, meiner ho. Ho har sjølv opplevd diskriminering og kjent den kulturelle avstanden som kan oppstå i eit samfunn på kroppen.

- Då eg gjekk på ungdomsskulen hadde eg så lyst til å bli sivilingeniør. Eg hadde nemleg ein onkel som var det, og som eg syntes var så tøff. Så eg tenkte at ein sikkert måtte bli sivilingeniør for å bli tøff. Eg sa det til ein medelev som hadde faren med seg. Eg huskar framleis at faren svarte: "Pakkisar fortener ikkje slike jobbar". Fy søren så liten du kjenner deg når slikt skjer, seier ho.

I dag er det annleis. Det er sikkert andre ungdomsskuleelevar som opplev det same i dag, trur ho. Men ho høyrer ikkje slikt lenger. Men om det er eit bevis på at det er blitt mindre diskriminering er eit vanskeleg spørsmål, meiner ho. Diskriminering er vanskeleg å måle, og den endrar seg heile tida: og kjem fram i ulike former og på ulike tidspunkt.

- Men det er ei utfordring når slikt skjer på små plassar. Då må du ha eit forhold til det. Byggedyret kunne spelt ei viktig rolle her. Byggedyret som ser deg når du helst ikkje vil bli sett, kunne oppdaga slike ting som dette, seier ho, og legg vekt på at diskriminering naturlegvis også handlar om mange andre grupper enn

innvandrarak. Grupper som homofile, funksjonshemma eller narkomane.

- Utgangspunktet for engasjement mitt er at nokre menneske fell utanfor. 1 av 3 fell frå på vidaregåande skule, og det er høgare tal blant gutar med innvandringsbakgrunn. Det er viktig å finne ut kvifor det er slik. Eg vil gjerne bidra til at dei stemmene ein ikkje høyrer kjem fram, seier Hadia engasjert.

Ho har vore kommentator og journalist. I dag er ho politisk rådgjevar. Hausten 2009 vart ho truleg stortingspolitiker. Men framleis er ho ikkje heilt sikker på "kva ho vil bli når ho blir stor".

Det viktigaste er uansett å fortelje historier.

- Journalistikken og politikken har mykje til felles, dei vil begge noko, fortelje noko, forandre noko og har på mange måtar same drivkrafta.

Og eg har god hjelp av mediebakgrunnen min i denne jobben. Men det er ikkje utenkeleg å gå attende til journalistikken, men då må eg nok ha ei karantenetid før eg kan opptre objektivt igjen.

Det er jo dei som har gjort det før, meiner ho, og viser til tidlegare arbeidspartipolitiker Arne Strand som i dag er politisk redaktør i Dagsavisen.

- Men eg vil gjerne avslutte juss-studia på eit eller anna tidspunkt, småler ho - før ho stoppar litt opp.

- Livet nett no er i unntakstilstand. Eg er privilegert som får vere her. Men det er noko som ikkje vil vare til evig tid, så eg må bruke sjansen når den er her.

Hausten 2009 stiller ho til stortingsvalet på vegner av Oslo Ap, og ikkje Rogaland. Mange stemmer i heimfyl-



Sjølvmelding

Namn: Hadia Tajik

Alder: 25

Bur: Oslo

Sivilstatus: Single

Aktuell med: Politisk rådgjevar hjå Justisminister Knut Storberget.

Nyleg nominert til sjetteplassen på Oslo Ap si nominasjonsliste for stortingsvalet 2009.

Les: Nett no? Girls of Riyadh av Rajaa Alsanea

Førebilete: Mange kvinner, blant anna Kristin Halvorsen og Ingelin Killengreen

ket har snakka om fylkespolitikarar som har sove i timen, som har latt Hadia forsvinne frå ein mogleg plass på Rogalandsbenken.

- Eg har opplevd mykje støtte frå Rogaland Ap og har snakka med fleire som meiner det er viktigare at eg får plass på stortinget enn at eg representerer Rogaland. Og Oslo er jo ein by mange flyttar til. Eg er nok eit av mange urbane menneske.

I 2009 kan ho også bli ein av få, om ikkje den einaste, stortingspolitikaren med innvandringsbakgrunn. Så har ho også vekt oppsikt med sitt ynske om at motstandarane Abid Raja frå Venstre og Afshan Rafiq frå Høgre kjem inn på Stortinget. Bakgrunnen er eit oppriktig ynske om fleire politiske motstandarar med minoritetsbakgrunn. Ho har då også fått prisen "Årets norsk – pakistaner" av nettmagasinet X – plisiv.no

Det handlar uansett om politikk og historiene til dei svakaste i samfunnet. Ein kamp mot fattigdom, for betre levekår, ein sosialdemokratisk fellesskap og ei grøn verdiskaping.

- Men, kva med nynorsken ?

- Det er nyttig, spesielt i denne jobben eg har nå, og beherske nynorsk. Det er viktig å møte alle type menneske på deira språk og deira premisser. Og talemålet mitt er jo tettare opp mot nynorsk enn bokmål. Eg anstrengar meg ofte for å bruke det, seier Hadia, som vedgår at nynorskbruken hennar er blitt mindre med åra.

Men noko forandrar seg ikkje.

- Sjølv om eg kanskje skal representere Oslo på Stortinget neste haust, vil eg aldri gå inn for å fjerne sidemålet, som ofte er det same som nynorsk, slår ho fast.

- Eg skriv lite nynorsk no. Og eg ser at det å bruke mykje bokmål et seg inn på nynorskknuskapane mine. Det er lett å miste musikken i språket. Skal nynorsken styrke seg, må den vere lett tilgjengeleg. Bredda av dei synlege og nynorskbrukande journalistane, til dømes, må visast fram, meiner Hadia.

- Å bruke meir bokmål har vore eit veldig ubevisst val. Eg innsar at det er ei stund sidan eg skreiv nynorsk ja, seier den språkmektige rådgjevaren, som i tillegg til norsk beherskar engelsk, urdu, dari og tysk.

ABC
Startsida[®]
- Ver nynorsk på nett

Din naturlege start
på internett
www.startsida.no

ABC Startside vil starte nynorsk nettavis

- **Me ønskjer å forsterke nynorsken på internett. Dette er i tråd med ønskje frå det offentlege. Men me er avhengige av å tena pengar på det, seier ansvarleg Espen Udland i ABC Startside til Bergens Tidende.**

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

Startside har tidlegare lansert nettavis ABC Nyheter, som no har 200.000 daglege brukarar. Dei har også ei eiga nynorskutgåve av startside.no. Startside.no har diverre ikkje blitt den store suksessen, og har i dag berre 23.000 unike brukarar i veka.

YNSKJER SPLEISELAG

- Det viktigaste her er at det blir ei nettavis med høg kvalitet, seier Udland om planane om nynorsk nettavis, og legg vekt på at dei ennå er på det tidlege stadiet. Han har også nyleg vore i samtalar med statssekretær Wegard Harsvik i Kulturdepartementet om saka.

- Det var ein hyggeleg samtale og han drepte ikkje ideen, for å seie det slik, uttaler Udland til Kampanje.

ABC Startside etterlyser også eit spleiselag mellom nynorsk miljøet og staten for å realisere den planlagde nynorske nettavisa.

PÅ EIGNE BEIN

- Me trur jo at det er kommersielt mogleg å drive, men i oppstarten krevs det kondisjon, staheitt og dedikerte medarbeidarar. Difor er me ute og snakkar med folk og ser på økonomien i dette. Det er nødt til å bli eit spleiselag mellom dei som vil nynorsken vel, seier ansvarleg redaktør Espen Udland til Kampanje.

LNK er ein av dei organisasjonane som er involverte i dette prosjektet, og har hatt ein rådgjevarfunksjon i oppstartfasen. Meininga er at ei nynorsk nettavis ikkje skal bli ein kopi av ABC Nyheter, men stå på eigne bein.

- Avisa må bygge på tre, fire bein. For det første ei skanning av andre nyhedenettstarar, utan at det blir dominerande. Så må me ha innhald frå nyhendebyrå. Der ser me føre oss både NTB og Nynorsk Pressekontor, og det viktigaste er ein eigen kjerneredaksjon som set sitt preg på avisa. Skal me lukkast kan det ikkje vere ein kopi av noko som allereie er, seier Udland til Kampanje.

Nynorske bøker på nett

Den nynorske nettbokhandelen Bokdykk ynskjer å vere eit alternativ til det store bestseljarfokusset i bransjen.

JUDITH SØRHHUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Etter mange år med erfaring frå bok- og forlagsbransjen ser me at det ofte er eit veldig sterkt fokus på bestseljarar. Og mange meiner nok at mangfaldet ikkje har kome til sin rett, verken i bokhandlane eller på nett. Eg er også filolog og brenn for mangfaldet i bransjen. Det er ofte slik at bestseljarane får ufortent mykje merksemd, meiner dagleg leiar i den nynorske nettbokhandelen Bokdykk, Anne Sophie Juell, som no håpar Bokdykk skal gi publikum tilgang også til smalare litteratur og lokale bøker.

SAMLAGET STÅR BAK

Ideen om ein nynorsk nettbokhandel kom opp i eit samarbeid mellom Det Norske Samlaget og bokhandlar Trond Økland i Florø. Det er også Samlaget som i dag står bak lanseringa av nettbokhandelen medan Fagbokforlaget i Bergen står for distribusjonen av

bøkene. Fornyingsminister Heidi Grande Røys opna nyleg Bokdykk som skal sikre kundane eit godt tilbod av nynorske boktitlar.


- Me ynskjer å gjere nynorsk litteratur meir tilgjengeleg og vise breidda i litteraturen, også ut til nye målgrupper, meiner Juell. Nettbokhandelen som held til i Florø har i dag to tilsette og merkar alt etter ei veke på nettet at salet har byrja.

- Det er naturlegvis tidleg å seie noko om salet går bra, men me ser at det har kome inn fleire større bestillingar frå institusjonar som bibliotek, og det er gledeleg, seier ho.

NYE MÅLGRUPPER

Bokdykk tek også mål av seg til å bringe den nynorske litteraturen ut til nye målgrupper.

- På lanseringa hadde me besøk av ein klasse frå vidaregåande skule. For skuleelevane som vel nynorsk på vidaregåande kan det vere vanskeleg å finne bøker, det vert truleg lettare på nett, meiner Juell som viser til at dette er framtida. - På nettbokhandelen ynskjer me også å løfte fram nye og unge forfattarstemmer, meiner den daglege leiaren.



“Ein peng spard er ein peng vunnen”

Ordtak av Ivar Aasen

I meir enn 80 år har me hjulpet kommunane med å få meir ut av midlane sine. Det er den fremste oppgåva vår.

Me kan gje kommunen din råd og rettleiing om finansiering som kan realisere kommunen sine mål.

Kommunalbanken finansierer lokale løysingar - den leiande finansieringsinstitusjonen i kommunemarknaden

KBN Kommunalbanken Norge

Kommunalbanken AS Telefon 21 50 20 00 Telefax 21 50 20 01
www.kommunalbanken.no

Krev at NRK oppfyller nynorskprosent

For at nynorsken skal overleva er det naudsynt at han har ein plass i media.

ASTRID EIDHAMMER HJELMELAND
astrid@norsk-plan.no

I ei open høyring i familie- og kulturkomiteen i Stortinget i midten av november understrekar Kringkastingsringen at Kulturdepartementet, som generalforsamling for NRK, nyttar eigarmakta si og krev at NRK skal oppfylle kravet om bruk av nynorsk og dialekt.

KONKRETISERING

Kringkastingsringen er glade for at den nye "NRK-plakaten" opphev skillet mellom kjerneverksemd og anna verksemd frå NRK, slik at kravet om sending av minst 25 prosent nynorsk gjeld for alt det NRK tilbyr. Samstundes oppmodar Kringkastingsringen Kulturdepartementet til å bli orientert om kva konkrete planar NRK har for å nå dette kravet.

Kringkastingsringen meiner at nynorskbrukarar har rett til å møte språket sitt i offentlegheita og at dette igjen vil gjera dei til tryggare språkbrukarar.

VINJEFONDET

I Stortingsmeldinga "Mål og meining" vert det foreslått å oppretta eit "Vinjefond" for å styrkja nynorsk journalistikk og anna publisistisk verksemd på nynorsk (s.211 og 212). Kringkastingsringen skriv i høyringa at fondet kan vera eit viktig tiltak for å stimulera til meir nynorsk i dei rikskdekkjande avisene, og dei meiner at kriteria for fondet bør utformast i nært samråd med journalistar, redaktørar og medieforskarar.

Bli med i Fagforbundet!

Fagforbundet er det største forbundet i LO, med rundt 290 000 medlemmer. Arbeidstakarar i kommunale, fylkeskommunale og private verksemdar kan bli medlem i Fagforbundet. Di fleire vi er, di større gjennomslag vil vi ha for rettferdig løn og trygg og god behandling på arbeidsplassen.

Fagforbundet bidreg til å skape offentlege tenester og arbeidsplassar med god kvalitet. Det må vere samsvar mellom det menneska har behov for, og det tilbodet dei får. Berre ein velfungerande offentlig sektor kan gi alle innbyggjarane ein trygg kvardag og lik rett til velferdstenestene.



www.fagforbundet.no Servicetorget: 815 00 040
E-post: servicetorget@fagforbundet.no

Språkråd



Jan Olav Fretland - førsteamanuensis i norsk, medlem av Norsk språkråd

Språkrådet -langt frå noko supperåd

13. november var eg på den årlege språkdagen. Det er det nye Språkrådet som har begynt med dette tiltaket, ein framstøyt for å synleggjera rådet, men aller mest for å minna om kor viktig språket er. Me møttest i Operaen, full ein sal med språkinteresserte. Det var gildt. God lunsj hadde dei og i den nye storstova vår.

For den som er ven med at Språkrådet skal diskutera skrivemåten av kløtsj eller om det skal vera lov å skriva syv, ville temaa på møtet ha overraska mykje.

Me drøfta språkoppføring for innvandrarakar av Mina Indira Adampour, som no studerer medisin. Ho kunne fortelja at ho vart plassert i «sinkeklasse», ut frå etternamnet. At ho var flink i norsk, talde ikkje inn. Morsmålet til innvandrarakarane var eit anna tema. Politikarane på Stortinget er ueinige om ein skal ha rett til opplæring på morsmålet sitt. Frp meiner dette skal vera ei privatsak, og at det offentlege ikkje skal bruka pengar her. Innvandrarakane må over på norsk så fort som råd, seier dei. No kom det fram på møtet at forskarane jamt over er einige om at ein lærer norsk fortare dersom ein kan godt morsmålet sitt. Så slik burde politikarane kunna einast om at morsmålsopplæring kan vera nyttig. Men så er det dette med politikk og prinsipp, då. Det andre temaet handla om offentlege skjema, og korleis slike skjema kan driva ein stakkar mest frå vitet. Å få enklare språk i det offentlege er også ei av oppgåvene til Språkrådet. Korleis tenkjer til dømes Statistisk sentralbyrå når dei skal forma eit skjema, og kva ord og uttrykk gjir at folk møter språkveggen?

Det er ein samanheng i dette. Den nye språkmeldinga som kom i sommar, prøver for fyrste gang i saga vår å forma ein samanhengande språkpolitikk. Ein kan sjå på temaa frå språkdagen som spørsmål om språklege rettar: Nordmannen skal ha rett til å bruka norsk, ikkje engelsk på alle viktige samfunnsområde. Nynorsk-journalisten skal kunna skriva målet sitt i alle norske aviser. Mannen i gata skal forstå det den språkleg stivbeinte offentlege skjemaelskaren skriv. Innvandrarakane skal ha rett til opplæring på eige morsmål og vera sikra ein god overgang til norsk språk i skulen. Samane skal ha funne språklege rettar for sitt språk. Me snakkar om grunnleggjande demokratiske rettar for alle i landet vårt. Eg treivst i Operaen. Og så fekk Kjartan Fløgstad språkprisen. Det likte eg ekstra godt!

Vinjefondet - moglege bruksområde;

Innsamling av erfaring og kunnskap. Det er, ifølgje den forskinga vi kjenner til, sjeldan rasjonelle forklaringsar som ligg til grunn når avisene vel å berre bruka bokmål, men ei redsle for at endringar kan gje lesarflukt i ein hardt pressa avismarknad. Her trur vi at handfast kunnskap kan motivera redaktørane til å opna opp for meir nynorsk.

Ressursar for redaktørar og journalistar. Her kan ein tilby eit støtteapparat for dei som allereie brukar nynorsk, men kanskje kjenner seg usikker på kva som er rett og godt språk. Slike ressursar kan vera til dømes språkkrurs og språkressursar på nett.

Tiltak som kan fremja rekruttering av journalistar som meistrar nynorsk, til dømes kursing, språkstøtte og praktikanfordringar.

kjelde: kringkastingsringen.no

Pirion med ny nettstad

Kulturavisa Pirion har fått ny nettstad der du blant anna kan finne kultursaker, bokmeldingar, inspirasjon til song – og forteljestunder og ikkje minst Pirion sitt eige juleeventyr. Forfattar Hilde Myklebust har nemleg skrivne eit nydeleg forteljing om gutungen Jon og hesten Tyra. Pirion er ei kulturavis for barnehagar og småskule som set fokus på den gode, lokale kulturen og på språk gjennom litteratur, song og forteljing. Det er LNK og Noregs Mållag som står bak Pirion.

Sjå meir her: www.pirion.no

Ny pris for Årets nynorskkommune

Kommunal- og regionaldepartementet har oppretta ein pris for Årets nynorskkommune. Kriteria for prisen skal utarbeidast i samarbeid med LNK, og prisen vert delt ut for første gong i 2009.



Leitar etter pilotskular

Naturprosjektet Den naturlige skolesekken vart lansert i oktober. Enno er det plass til fleire skular.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Vi ønskjer å få med ti barne- og ungdomsskular frå Oslo, Akershus, Aust-Agder og Nordland. Til no har sju skular sagt at dei vil vere med, fortel seinorrådgjevar Sylvi E. Ofstad

i Miljøverndepartementet. Utlysinga har berre gått til desse tre fylka i denne omgang, og ønsket er å få med fleire byskular.

FRILUFT GIR GEVINST

Den naturlege skolesekken kom til som eit forslag frå Miljøvernforbundet og er eit samarbeidsprosjekt mellom Miljøverndepartementet og Kunnskapsdepartementet. Med på laget er dessutan to direktorat og åtte organisasjonar innan miljøvern, friluft og utdanning. - No håper vi og å få ein ungdomsorganisasjon med i prosjektgruppa, seier Ofstad.

Føremålet med Den naturlige skolesekken er å bruke naturen som base for læring. Uteaktivitetar og friluftsliv skal gi auka kunnskap om natur og miljø som igjen kan implementerast i klasseromsundervisninga. Den naturlige skolesekken skal knyttast til kompetansemåla i faga kroppsøving, naturfag, mat og helse og samfunn.

- Erfaring med uteskule syner at når det fungerer godt, når ein dei faglege måla betre og raskare enn ved vanleg inneskule, fortel Ofstad. Ho peiker vidare på at uteskular gir ein positiv gevinst i form av auka fysisk aktivitet og eit betre sosialt miljø.

AMBISJØST

Førebels er dette eit pilotprosjekt som skal strekkje seg over heile 2009. Intensjonen er at det prosjektet skal vidareførast etter 2009, slik at det kan tilbyast fleire eller alle fylke, seier seinorrådgjevar. For 2009 har Miljøverndepartementet løyvd 5 millionar, medan Kunnskapsdepartementet har løyvd 1 million.

- Norges miljøvernforbund, som var initiativtakar til prosjektet, har ambisjonar om at Den naturlege skolesekken skal blir like stort som Den kulturelle skolesekken. Det er ein spennande ambisjon som krev betedelege midlar, seier Sylvi E. Ofstad.

Pilotskulane skal setje i gang med Den naturlige skolesekken i slutten av januar neste år.

Nynorskstipend for 100.000 kroner

Noregs Mållag vil støtte to prosjekt som kan fremje nynorsken og lyse ut to stipend på 50.000 kroner kvar.

Stipenda blir delte ut for tredje året og skal gå til å få nynorsken i bruk på område han har lite rom frå før.

I fjor fekk Marianne Furevikstrand 50.000 kroner til å starte opp bygdeaviser i bygdene rundt Dalsfjorden i Sunnfjord, medan Øystein Runde fekk stipend for å lage ein nynorsk teikneserieroman.

Også i år vil stipenda bli delte ut til ei kvinne og ein mann. Pengane er ei løyving frå Kultur- og kyrkjedepartementet. (NPK)

Vil ha senter for Jon Fosse

Sterke krefter jobbar for å opprette ein institusjon i namnet til Jon Fosse – ein dokumentasjonsbase for den store produksjonen hans.

Etter romandebuten i 1983 har Jon Fosse skrive 70 skodespel, romanar, dikt- og essaysamlingar. Ingen norsk dramatiker etter Henrik Ibsen har nådd lengre ut enn han. Verka hans er omsett til meir enn 40 språk, og nær 500 teaterproduksjonar har vorte oppførde verda rundt. 13 av urpremierane har vore i andre land enn Noreg.

- Jon Fosse representerer ein unik sjansje til innsikt i korleis samtidskunst blir skapt, spreidd, motteke og tolka, seier forfattar og journalist Kirsti Mathilde Thorheim til Aftenposten. Thorheim har skrive forprosjektrapporten for eit Fosse-senter.

- Eg likar ikkje å bruke nemninga Fosse-arkiv, som kan gje inntrykk av noko støvete og grått. Eit Fosse-rom er meir dekkjande. Det trengst eit levande, fysisk arkiv. Jon Fosse-rommet må også vera ein nettstad

med dokumentasjon og informasjon på fleire språk, seier Thorheim, som meiner at senteret bør liggja i Oslo.

- Etter mi meining bør det knytast tett til det nynorske forlags- og teaterfaglege miljøet og lokalisert i Oslo. Prosjektet kan organiserast som ei stifting bygd opp omkring dei tre institusjonane som står bak forprosjektet; Det Norske Samlaget, Det Norske Teatret og Nynorsk kultursentrum. Det kan også organiserast som ei underavdeling av Nynorsk kultursentrum, foreslår Thorheim, som meiner at arbeidet med å byggja Fosse-rommet bør starte neste år, og vera i drift frå 2012.

Det blir foreslått at etableringa på cirka 4,7 millionar kroner blir betalt av eit spleiselag mellom statlege og private interessar, og at drifta blir finansiert over budsjettet til Kulturdepartementet. Forprosjektrapporten skal no på høyring, til blant anna aktuelle departement og kunststiftusjonar. (NPK)

Visste du at det einaste nynorsk-hotellet i Oslo også er nyrenovert?

Alle som er tilslutta LNK får sjølvstøtt medlemspris. Be om LNK-pris neste gong du tingar rom.



Velkommen til kulturhotellet i Oslo sentrum!



Hotell Bondeheimen

Rosenkrantz'gate 8, 0159 Oslo
Tlf: 23 21 41 00
booking@bondeheimen.com
www.bondeheimen.com

Å kryssa ein fjord...



...er eit stort mål for mange. Det gir framtidstru og vekst.

Kommunekreditt vil at det skal bli lettare å kryssa fleire fjordar.

Gjennom femten år har me vist vilje til å finne gode løysingar for kommunenoreg, slik at midlane strekker lenger.



Beddingen 8, 7410 Trondheim
(Avdelingskontor Oslo: Dronnings Maudsgt. 15, 0250 Oslo)
Telefon: 73 80 95 80, Faks: 73 80 95 81
e-post: post@kommunekreditt.no www.kommunekreditt.no

Mot nye mål

11.500* unike brukarar
169.000* sidevisingar i veka
Oppdatert kvar dag



24.000** lesarar
mandag tysdag onsdag
torsdag fredag

= større dekning

...situation at for at
... Dette er
... Kommune
... samarbeid
... Han peika
... skolesekke
... ter at presse
... teneste
... senteret
... omsett til
... og nær
... 500 teater
... oppførde
... har vore
... Noreg.
... sjanse til
... blir skapt
... motteke
... tolka,
... seier for
... og journalist
... Kirsti
... Mathilde
... Thorheim
... til Aften
... posten.
... Thorheim
... har skrive
... forprosjek
... rapporten
... for eit Fos
... se-senter.
... - Eg likar
... ikkje å br
... uke nemn
... inga Fos
... se-arkiv, s
... om kan g
... jve inntry
... kk av no
... ke støvete
... og grått.
... Eit Fos
... se-rom er
... meir dekk
... jande. Det
... trengst e
... it levande
... , fysisk ar
... kiv. Jon F
... ose-romm
... et må også
... vera ein
... nettstad

Modalen



Ordføreren viser kraftmusklar

I landets nest minste og ein av dei rikaste kommunane, Modalen, løyser dei det meste. Sjølv den manglande sola i vinterhalvåret ser ordførar Knut Moe ei løysing på.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no



Nytt treningsrom til alle innbyggjarane er mellom det Modalen kommune har investert kraftpengar i den siste tida. Her viser ordførar Knut Moe musklar. (Foto: Ingrid Hillestad)

Her som vi har så mykje kraft, må vi kunne skaffe noko skikkeleg lys i vinterhalvåret, drøyer Moe, medan han ser oppover dei bratte fjellsidene kring seg.

Det er tre dagar sidan sola viste seg for siste gong i år i kommunesenteret Mo inst i Osterfjorden i Nordhordland. Sludd og tunge skyer set sitt preg på staden denne dagen. Det er ikkje alltid naturen viser seg frå si venlege side, sjølv om modølingane har mykje å takke nettopp naturkreftene for. Då Bergen Kommunale Kraftlag byrja å leggje dei rike vassressursane i området i røy på 1970-talet, starta ein ny epoke for Modalen. Det som hadde vore ein fattig og marginal kommune, blei rik på kraftpengar.

HAR BLITT EIT REGIONSSENTER

Satsing på IT, rikeleg med sjukeheimsplassar, skuleplassar, barnehageplassar, god legedekning, arbeidsplassar og eit heilt nytt kulturhus, gjer den vesle kommunen til eit attraktivt regionssenter for nabokommunane og -bygdene. Denne tendensen har særleg vist seg etter at det blei opna veg mellom Modalen og resten av Nordhordland i 1996. Tidlegare var einaste asfalterte vegar mot Vaksdal kommune ved Voss.

- Etterkvart som vi har bygd opp velferdstilbod her, har vi også byrja å sørve nabobygdene. Vi har ei dagleg netto innpending på 15 prosent til arbeidsplassar her. Folk tar med seg

ungane og plasser dei i barnehagen vår. Dette er jo elles eit byfenomen, seier ordføreren.

Han legg til at det dreier seg om eit gjensidig avhengighetsforhold mellom Modalen og bygdene rundt. Med sine skarve 360 innbyggjarar er Modalen avhengig av tilstrøyming utanfrå for å halde liv i tilboda og arbeidsplassane kommunen er i stand til å etablere og drifte. Samstundes kan folk frå nabobygdene nytte tilboda som deira eigna kommunar ikkje har råd til.

LOKKAR FOLK TIL KOMMUNEN

Eit tilskott på 250.000 kroner til bustadbygging, billeg straum og gratis breidband til alle husstandar er mellom det kommunen freistar folk med.

- Vi var første kommunen i verda som gav breidband til alle, skryt ordføreren.

Snart får innbyggjarane også fiberkabel heim til seg, noko som vil gjere det mogleg å ha internett, telefon og fjernsyn på samme kabel. Satsing på infrastruktur gjer det vidare attraktivt for IT-verksemder å ha hovudbase i aude fjelldalar i Modalen. UniMicro og MoSoft er døme på verksemder som gjer suksess på denne måten. Ordføreren trur det vil komme fleire. Han seier han merkar etterspurnad etter næringslokale.

- Vi skal no få på plass ein eigen næringsmedarbeidar i kommunen. Han eller ho vil jobbe med å utvikle arbeidsplassar innan eksisterande næringsliv, i tillegg til å gjere Modalen betre på reiseliv.

SATSAR PÅ REISELIV

Reiseliv er nemleg eit anna hovudområde Modalen vil satse på framover. Kommunen er inngangsport til det attraktive fjellområdet Stølsheimen.

Dette potensialet kan utnyttast betre, trur ordføreren. På bryggjekanten i sentrum har kommunen eit turistlegg som no søkjer nye eigarar. Nyleg flytta ein ny familie, som vil satse på turisme i den gamle barnehagen, til Modalen.

- Vi treng også å sjå på korleis landbruksnæringa kan bergast i framtida. Vi må ta vare på kulturlandskapet. Det er dette som har skapt Modalen, held Moe fram.

LITE MILJØ FOR UNGDOMMEN

- Finst det i det heile tatt utfordringar ved å vere ordførar i ein så rik kommune som Modalen?

- Eg er heilt klart i ein privilegert posisjon. Men her finst utfordringar og. Vi har berre 360 innbyggjarar. Miljøet er lite og ikkje alle finn seg til rette. Særleg utfordrande er det å få ungdommen til å trivast. Sjølv om vi har mange tilbod, blir miljøet ofte for lite. Når ungdommen byrjar på vidaregåande skule, må vi sende dei av garde. Det er heller ikkje så kjekt, reflekterer Moe.

Han føyer til at sjølv om kommunen har blitt velstående, er det mange i Modalen som ennå hugsar fattigdommen.

- Modølingane er nøkterne folk, påstår ordføreren, samstundes som han ikkje legg skjul på at velstanden har gitt enkelte eit snev av "mykje vil ha meir"-mentaliteten. Den kan vere krevjande for politikarane å takle.

No vil ordføreren sjølv ha meir lys til kommunesenteret.

- Eit par digre lyskastarar som lyser opp sentrum og fjellveggen bak kulturhuset. Det trur eg ville få folk ut i mørketida, seier Moe og ser fram mot det som kan hende blir hans neste prosjekt.

Modalen



Barnetal i vekst

I barnehagen i Modalen skyt talet på ungar i veret. No har dei fått heilt nye lokale å boltre seg i.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no



I den nye barnehagen i Modalen tar pedagog Gro Henny Mo imot veksande kull med barn. Her med Odin. (Foto: Ingrid Hillestad)

- Eg gjekk ut i permisjon i mai-07, då var her 25 ungar. Då eg kom tilbake nøyaktig eitt år etter, var det plutsleg 34 ungar i barnehagen, fortel Gro Henny Mo, pedagogisk leiar for småbarnsavdelinga.

DEBATT OM LOKALISERING

I oktober i fjor stod den nye barnehagen på Helland, nokre kilometer oppover i dalen frå kommunesenteret Mo, klar. Då var ein heit lokaliseringsdebatt blitt historie. Gro Henny Mo er glad plasseringa blei som ho blei, og at barnehagen ikkje hamna i sentrum, som mange håpte på. På Helland har dei kallar han, tett inntil. Dette gjev gode høve til uteaktivitetar, noko

den pedagoiske leiaren meiner er av vurderleg verdi for ungene.

ER MYKJE UTE

Friluftaktivitetane gjer den nye barnehagen populær. Men også innadørs er forholda betre enn dei var.

-Her har vi alt på eitt plan og det lagar ein annan felleskap enn i den førre barnehagen. Vi får betre kontakt med kvarandre. Dørene står opne og ungene flyr rundt, fortel Mo.

Dei 35 borna som no går i barnehagen fordeler seg på tre avdelingar. Denne dagen har dei ferja bursdag og det duftar frå nysteikte rundstykke.

- Borna får alle måltid her, held Mo fram.

FLEIRE SPRÅK

Pedagogen fortel at dei tar imot ungar frå nabokommunar, og det er i stor grad dette som forklarar auken i talet på born. Folketalet i Modalen har nemleg halde seg nokså stabilt,

med berre ein ørliten vekst, dei siste åra. Foreldre leverer ungene når dei kjem pendlande til arbeid i Modalen. Det siste året har det flytta mange tyskarar og nederlendrar til nabo-bygda Eidslandet, og dei har fått barnehageplassar i Modalen. Dermed har barnehagen fått eit fleirkulturelt miljø, noko Mo seier er nytt for dei. Det byr på nye utfordringar, mellom anna med språk. Pedagogen opplever likevel ikkje dette som problematisk, snarare tvert i mot.

Gjer suksess med rekneskapssystem

Null kø, fornuftige bustadprisar og gode oppvekstvilkår for born var berre nokre av kvalitetane Hans Jørgen Neset såg ved Modalen då han valde å starte it-verksemder der.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no



Gründer Hans Jørgen Neset (t.v.) med marknadssjef Richard Lusey (t.h.) i det stadig veksande kontorlandskapet til UniMicro i Modalen. (Foto: Ingrid Hillestad)

No har gründaren totalt 50 tilsette. Eit fåtal jobbar på avdelingskontora i Oslo, Bergen og Haugesund. Dei fleste har arbeidsplassane sine i UniMicro sine nøyktne og stadig veksande lokale på Øvre Helland, vel ei mil frå kommunesenteret Mo.

ALLTID VORE PROGRAMMERAR

UniMicro gjer suksess med utvikling av rekneskapssystem for verksemder. Neset fortel om ein auke i omsetnad på heile 27 prosent berre det siste året. Sjefen sjølv har utdanning innan økonomi og informatikk. I jobben får han bruk for begge desse kunnskapsområda. Han jobba i Gilde fram til han flytta tilbake til heimstaden Modalen på slutten av 1970-talet. Då byrja han som økonomiansvarleg i kommunen og etterkvart dukka ideen om eiga verksemde opp.

- Eg har vore programmerar alltid, forklarar han.

AKTIV OG KREATIV ARBEIDSKRAFT

- Er det vanskeleg å skaffe kvalifiserte arbeidstakarar her i Modalen?

- Det har vore litt vanskeleg dei siste åra, men det er i tråd med bransjen elles, svarar sjefen.

Ein del av arbeidsstokken er tilflyttarar, medan andre pendlar inn frå nabokommunar.

- Vi er fleksible, framhevar Neset.

I byrjinga var han einaste tilsette i firmaet, som har vakse jamt sidan starten i 1986.

- Eg har vore heldig å få fatt i kvalifiserte folk, utdjuvar han, og legg til at det betyr mykje å ha tilsette som er kreative og aktive.

Gründaren er også opp-tatt av å ta godt vare på dei tilsette. Det gjer han mellom anna ved å arrangere blåturar og fotturar i fjellet. No nærmar julebordet seg, og det brukar å vere ei heil helg.

IKKJE REDD NEDGANGSTIDER

Kundene er hovudsakleg små og mellomstore verksemder over heile landet, i tillegg til enkelte offentlege verksemder. Kundane kjem ikkje heilt av seg sjølv.

Vi bruker ein del på marknadsføring og merkevarebygging, forklarar Neset.

Verksemda jobbar etter ein filosofi om å reinvestere. Såleis går mykje av overskottet til utvikling.

At det no går mot økonomiske nedgangstider, går ikkje stort inn på sjefen.

Vi kan merke lågkonjunkturen litt, men eg er ikkje veldig uroa. Det er ikkje verre her enn andre plassar. Vi har ein del kundar i byggebransjen, og nokon av dei må kanskje roe litt ned.

INFRASTRUKTUR VIKTIG

At Modalen kommune var tidleg ute med å satse på infrastruktur og bygge fiberkabel til alle verksemder, har gjort det mogleg for UniMicro å ha hovudkontoret sitt på ein såpass perifer plass.


Kva råd vil du gje til andre mindre distriktskommunar som ønskjer fleire verksemder?

Infrastruktur er viktig, og så må dei marknadsføre føremøne med å bu der, svarar Neset

Kvalitetar ved å bu og jobbe i distriktet ser han nemleg mange av: han slepp å bruke tid på å køyre i kø, bustadprisane er meir fornuftige enn i byane og oppvekstvilkåra for dei minste meiner han er betre.

Og så trur eg arbeidskrafta er meir stabil her, sluttar Neset.

Modalen kommune



- **Modalen kommune** ligg nord i Hordaland og inst i Osterfjorden.

- Kommunen har eit folketal på 360 og eit areal på 412 kvadratkilometer

- **BKK starta kraftutbygging** i Stølsheimen på 1970-talet, noko som har sikra kommunen gode inntekter. Dette har ført til utbygging av kommunale tenester og infrastruktur i toppklasse.

- **Satsing på IT** har fått stort fokus i Modalen. Som den første kommunen i verda fekk alle innbyggjarane breidband i år 2000. No får dei snart fiberkabel. Elevane i ungdomsskulen har hatt eigen PC sidan 1992.

- **Reiseliv** er satsingsområde framover.

Kommunestyret:

Knut Moe, ordførar (Samlingslista)
Vibeke Thorsen, varaordførar (Solrenningslista)
Samlingslista..... 5
Solrenningslista..... 8

Rådmann: Svein Festervoll



Pensjonistane i Modalen manglar ikkje tilbod. Høgdepunktet er måndags-bowling i det flunkande nye kulturhuset Bryggjeslottet.

INGRID HILLESTAD
bladstova@lnk.no

Kunsten er å vinne, ikkje å delta, seier Reidar Næmdal (71) med glimt i auga.

Latteren sit laust i den skinande bowlinghallen. Gjengen verkar ikkje særleg tyngde av konkurranseinstinkt og alvor. Næmdal viser på skjermen at laget hans er i leiing. Med seg har han Bjarne Moe (75) og Reidar Nygard (80). Det er tydeleg at dei har trening i å få rett kurs på kulene.

Vi har halde på i eitt år. Men du må ha flaks og. Det er som eit lotteri, utdjuar Næmdal.

HUSET FEKK PRIS

Bowlinghallen er del av inventaret i Modalen si siste stoltheit: kulturhuset Bryggjeslottet. Det ligg på bryggja i Modalen, i forlenginga av ei rad med naust som tar i mot overnattingsgjester. Utforminga av bryggja og kulturhuset har gjeve kommunen prisar. No sist fekk dei Nordhordland sin byggeskikkpris for kulturhuset, som opna for eitt år sidan.

Det nye kulturhuset kan spele ei rolle i satsinga vår på heilårsturisme. Det er eigna for konferansar, og vi ligg ikkje så langt frå Bergen, seier ordførar Knut Moe.

MATMARKNAD OG JULEMESSE

Ordføraren viser rundt i fleirbrukshallen med mobilt amfi og lydanlegg av

høg kvalitet. Vi går vidare til bibliotek, garderobar, badstove, terapibasseng, kafe og trimrom. I det nye huset arrangerer dei konsertar og andre kulturarrangement, som trekkjer folk frå heile regionen. Odd Nordstoga har vore der og Olav H. Hauge får si markering i Bryggjeslottet. No står matmarknad og julemesse for tur. Barnefamiljar tar gjerne dagsturar til Modalen i helgene for å bruke bassenget og ete middag på staden.

NØKLAR TIL ALLE

Det kosta kommunen heile 45 millionar kroner å bygge kulturhuset. Noko fekk dei i tilskott. No er ordføraren spent på kva tal drifta vil vise. Huset er ennå for nytt til at han heilt har oversikt. Om det kostar kommunen dyrt å drifte eit slikt hus, så ruine-



Bryggjeslottet har modoltingane døypt det nye kulturhuset sitt. Både driftsleiar Bjørn Eikefjet (t.v.) og ordførar Knut Moe er nøgde med den nye møtestaden. (Foto: Ingrid Hillestad)

rer det iallfall ikkje innbyggjarane i Modalen å bruke Bryggjeslottet.

Vi har eit eige nøkkelsystem. Innbyggjarane våre kan kjøpe eit nøkkelt kort for 500 kroner året per husstand. Dei tastar inn ein kode og kan såleis bruke mellom anna symjehall og trimrom når dei måtte ønske det, forklarar Moe.


Brukarar frå andre kommunar betalar ein årleg sum på 1500 kroner husstanden.

Det blir ei tillitssak å drive slik. Vi har så langt ikkje hatt problem, held Moe fram.

NY MØTESTAD

Før bowlingen møtest pensjonistgjengen til trening med fysioterapeut.

Vi har gode tilbod her. Det er kjekt no når det er så lite vinter. Før hadde



Reidar Næmdal (t.v.) og Bjarne Moe er mellom pensjonistane som spelar bowling i det nye kulturhuset kvar måndag. (Foto: Ingrid Hillestad)

vi is og snø. No har vi dette å gå til, seier Næmdal.

Han meiner bowling fungerer som god erstatning for ski og skøyter. Då han arbeidde i yngre alder var det sand og jord som tok tida hans. Lagkamerat Nygard har vore postmann i bygda. No har 80-åringen bytta breva ut med dei noko tyngre bowlingkulene. Karane fortel, innimellom jubel over gode kast, at dette treffet ser dei fram til heile veka. Bryggjeslottet har blitt ein ny møtestad i Modalen, både for eldre og yngre.

Litteraturdagar i utvikling

Nynorske litteraturdagar i Aurland har etablert seg som ein av mange litteraturfestivalar.

JUDITH SØRHIUS LITTLEHAMAR
judith@norsk-plan.no

- Dette er ei bevisst satsing av kommunen, seier prosjektansvarleg Haakon Skjerdal.

- Dette er ein del av ei medviten omdømmebygging i Aurland kommune. Me ynskjer å profilere oss som ein tydeleg nynorsk kommune og arbeider aktivt med språket, også i kommunen, seier Skjerdal.

Aurland kommune, med sine 1700 innbyggjarar, arrangerte tidlegare i haust Nynorske litteraturdagar for tredje året på rad. Festivalen, som har eit budsjett på om lag 800.000 kroner, får årleg opp til halvparten av midla over det kommunale budsjettet. I dag er det til saman fire personar som arbeider med festivalen.

- Me leita etter noko ingen andre hadde, seier Skjerdal om fødselen til festivalen og viser til at litteraturdagane sitt motto er å vere raus, folkeleg og levande.

SATSAR PÅ MARKNADSFØRING

Nynorsk er eit verkemiddel for å presentere mangfald i litteraturen, og Aurland kommune ynskjer å skape ein litteraturfestival der det er plass



Samferdselsminister Liv Signe Navarsete (Sp) sto for opninga årets Nynorske Litteraturdagar (Foto: Nynorske Litteraturdagar)

til både det smale tilbodet og dei meir kjente aktørane.

- Me har blant anna god erfaring med å arrangere bokbad der me prøver å vise fram nye og spanande forfattarar. Det handlar litt om å tillate seg å vere smal av og til, meiner Skjerdal, som trur festivalen no har etablert seg, både i litteraturmiljøet og i den nynorske verda.

- Litteraturdagane har ei ramme som fungerer. No er det ei utfordring i å tenkje nytt og ikkje minst i å gjere festivalen meir kjent. Me kunne godt tenkt oss større oppslutnad, meiner han.

Om lag 1000 personar besøkte årets litteraturdagar.

appetitten, med iallfall eitt stort namn, slår Skjerdal fast.

Også prosjektleiaren for litteraturdagane, Arve Tokvam, meiner festivalen må arbeide med å gjere seg meir attraktiv.

- Me har eit større potensial for besøkjande enn me klarer å utnytte i dag. Det er jo ein marknad der ute, meiner han.

HÅPAR PÅ EKSTERN FINANSIERING

Litteraturdagane har no etablert eit eige festivalråd som skal kome med innspel til den vidare satsinga.

- Kva må til for å få fleire besøkjande?

- Det er eit godt spørsmål. Eg trur nok marknadsføring er sentralt, det må me bli betre på. Me må nok bygge opp ein strategi med små drypp gjennom heile året. Og me må ha eit program som vekker

apetitten, med iallfall eitt stort namn, slår Skjerdal fast.

Også prosjektleiaren for litteraturdagane, Arve Tokvam, meiner festivalen må arbeide med å gjere seg meir attraktiv.

- Me har eit større potensial for besøkjande enn me klarer å utnytte i dag. Det er jo ein marknad der ute, meiner han.

Også prosjektleiaren for litteraturdagane, Arve Tokvam, meiner festivalen må arbeide med å gjere seg meir attraktiv.

- Me har eit større potensial for besøkjande enn me klarer å utnytte i dag. Det er jo ein marknad der ute, meiner han.

HÅPAR PÅ EKSTERN

FINANSIERING

Litteraturdagane har no etablert eit eige festivalråd som skal kome med innspel til den vidare satsinga.

- I det rådet sit blant anna dagleg leiaren i LNK, Vidar Høviskeland. Me meiner også det er viktig å få ein forfatarrepresentant i det rådet, samt representantar frå fylket og regionen. Festivalrådet skal først og fremst arbeide med strategi og kvalitetssikre arbeidet vårt, fortel Tokvam.

Sentralt i arbeidet vidare står også jobben med å få ei langsiktig ekstern finansiering. Blant anna er prosjektet i år støtta av Kulturrådet.

- Det går mykje tid til å søkje etter midlar, år etter år. Og me ser at mange sponsorar er litt lunkne i og med at me er eit kommunalt prosjekt, meiner Arve Tokvam.

No håpar ein at det vil kome langsiktig økonomisk støtte på plass slik at det vert kontinuitet i arbeidet framover.

- Litteraturdagane er meir ei profilering av identitet og språk enn det er malkamp. Men nynorsken er viktig. Det skal vere eit arrangement for alle og ha ein låg terskel. Akkurat det føler me at me har lukkast godt med, meiner Tokvam, og viser til at festivalen truleg er komen for å bli.

- Me har utvikla oss i ein positiv retning, og eg trur det er mange som etter kvart har fått augene opp for oss, seier han.

Av arrangement under årets litteraturdagar kan ein nemne forfattarbesøk på skular, næringslivsseminar, stå - opp, bokslepp og krimbar.

Dei fleste av oss er opptekne av å nyte livet her og no



Sjølvsagt skal du nyte dagen i dag. Likevel kan det vere lurt å tenkje litt på dagane som kjem. Eller å la oss i KLP gjere det for deg. Gjennom snart 60 år har vi levert pensjon til kommunar, fylkeskommunar, helseforetak og bedrifter. Målet har heile tida vore å leverer den beste pensjonsordninga i marknaden, slik at de som arbeider i det offentlege skal kunne gå pensjonstilvera trygt og optimistisk i møte.

Det er viktig å leve i "nuet". Men det er ganske fint å ha noko å sjå fram til også!

KLP
for dagane som kjem

Mister kystkvinnas verdier



Kvinnene ved kysten bar ansvaret for bus og beim og gjorde mannfolket sitt arbeid når desse var på sjøen for å fiske. (Illustrasjonsbilde: Flickr)

Kystkvinnene representerer ein kultur og eit verdsett vi er i ferd med å miste. Det kjem fram i ny doktorgrad.

TOYNI TOBEKK
toyni@norsk-plan.no

- Historia til kystkvinnene er historia om ei tilbaketog tid, seier samfunnsvitar Dagrunn Grønbech som nyleg la fram ei doktoravhandling om kystkvinnenes liv og virke. Den syner korleis kvinnenes liv har gått frå samarbeid og samhald til einsemd. Som grunnlag har Grønbech intervjuet tjue kvinner frå Helgelandskysten, født kring 1915.

KUNNSKAPSRIKE

- Desse kvinnene står for ein husmor- og kystkvinneskultur på 50- og 60-talet som bestod av arbeid, arbeid og atter arbeid, fortel Grønbech. Fordi dei hadde ein mann som var på sjøen i lange periodar, måtte dei ta seg av heim og dyr på eiga hand. Samstundes gjekk mykje av året med på å førebu mat og klede for han som skulle ut på fiske.

Kystkvinnene deltok på fleire arbeidsområde enn innlandskvinnene måtte, og dermed fekk dei breie kunnskapsområde. Dei var flinke til å ta ut det naturen hadde å by på, men var bevisste på å ikkje overforbruke. Dei var kunnskapsrike om dyrehald, dei tova, spant og strikka og dei hadde omsorg for familien som kunne bestå av fleire generasjonar på ein gard. Nestekjærleiken stod sterkt, dei hadde alltid eit auge for det som skjedde i nabohuset.

- Men medan desse kvinnene arva rollene sine etter mødrene og bestemødrene sine, fekk dei sjølve barn som braut med denne generasjonsarven. Deira døtrer og søner levde opp parallelt med avviklinga av fiske- og bondehushaldet på slutten av 60-talet og fekk seg andre jobbar og andre roller.

SIT EINSAME ATT


Noko av det som overraska Grønbech mest i undersøkinga, var kor einsame desse kvinnene no har blitt.

- No er dei pensjonistar, og for ein stor del enker. Dei har tapt den vegvisar- og rådgjevarfunksjonen dei ein gong hadde. Vi treng ikkje ferdigheitene deira meir, og kvinnene føler seg einsame.

Dei er framleis opptekne av å klare seg sjølv og å ikkje liggje samfunnet til last. Dei vil helst bu heime og ønskjer ikkje heimhjelp. Nøysemda frå ei tid då alt måtte brukast til det var heilt utslitte, har dei med seg, sjølv om dei ikkje lenger treng leve så spartansk.

- Vi snakkar om menneske som pleidde spare badevatnet for å bruke det til å bløytleggje skitne klede i ein annan dag. Desse damene sit no og strimlar opp plastposar og hekler badematter av det. Dei forstår ikkje dagens overforbruk og rovdrift på både menneske og natur.

- Eg trur kystkvinnenes historier kan fortelje oss noko om det moderne livet, seier forskar Grønbech. - Treng vi å forkaste alt dei stod for? Eg meiner det er fornuftig av oss å sjå oss tilbake og revitalisere nokre av verdiane deira.



Få meir ut av pensjonsordninga

Pensjonsordninga er kommunane sitt største og viktigaste innkjøp. Ny forsikringslov har vore gjeldande frå 1. januar i år. No gir vi kommunen din nye valmogelegheiter for forvaltning av pensjonsmidlane som kan bidra til å få ned pensjonskostnadane. For ein gjennomsnittskommune kan det bety fleire millionar kroner i året. Ved å gjere ei evaluering av pensjonsordninga, kan kanskje nettopp kommunen din få meir ut av pensjonsordninga og frigjere middel til hardt tiltrengte kommunale oppgåver.

Ta pensjonsordninga ut på anbod – snakk med oss om offentlig pensjon.

Se www.storebrand.no/offentlig eller ring oss på 08880.

 storebrand

Abonnement: Send inn denne kupongen, send e-post til tinging@dagogtid.no eller gå til

www.dagogtid.no

Tilbod til studentar: 40% rabatt

JA, eg tingar Dag og Tid i eit halvt år!


Studentpris 402,- Vanleg pris 670,-

NAMN: _____

ADRESSE: _____

POSTNR./POSTSTAD: _____

TELEFON: _____ E-POST: _____



DAG OG TID AS
Svarsending 0091
0090 Oslo

ABC Startsidea
- Ver nynorsk på nett

Din
naturlege
start på
internett

startsidea.no

B-BLAD



Returadresse:
Vatlandsvåg - 4235 Hebnes



KBN Kommunalbanken Norge

GOD JUL

 SparebankenVest
- satsar på Vestlandet



GODT NYTT ÅR



MAGASINETT ^{ABC} Startside®

TAKK FOR GODT SAMARBEID I 2008!